

Nr. 2 - 2009 - 33. årgang

egde



Bli med på:

- Temamøte i Arendal 10. oktober 14
- Agderseminaret 16.-17. oktober 14
- på Aust-Agder kulturhistoriske senter 12-13
- Spørjeundersøking om arkeologi 15

Agder Historielag
Lokalhistorie siden 1914

Protokoll frå årsmøte i Agder Historielag; sjå side 28

egde

Opplag: 1100

Besøksadresse:

Gyldenløves gate 11, 3. høgda
Kristiansand

Postadresse:

Postboks 136
4662 Kristiansand

Telefon: 97 06 44 85

E-post:

kontakt@agderhistorielag.no

Heimeside:

www.agderhistorielag.no

Ansvarleg redaktør:

Borghild Løver
Tlf: 97 06 44 85

**Stoffet til Egde
er levert av:**

Beint Foss
Jon Olav Gryting
Leiv Torstveit
Magnhild Rygg
Per Gundersen
Anne Berit Erfjord
Eivind Ruud
Atle Omland
Olav Arne Kleveland
Olaf Moen
Torild Austad
Vidar Toreid
Johannes Hamre
Borghild Løver

**Grafisk tilrettelegging
og produksjon:**

GRAFISK PARTNER

Henrik Wergelands gt. 50B
Pb. 384, 4664 Kristiansand
Tlf. 38 02 19 12
Fax 38 02 16 12
E-brev: post@gpartner.no

Framsidebilete:

Arendal gamle rådhus anno 1815 ligg utrolig vakkert til nede på hamna i Arendal.

Foto: Borghild Løver

Lederen har ordet

Landsmøtet på Sørlandet

Som nok mange av Egdes lesere har fått med seg, holdt Landslaget for Lokalhistorie årsmøtet sitt på Sørlandet i år. Det foregikk på Dyreparken Rica Hotell 5.–7. juni i strålende vakkert og varmt sommervær. Værguden var altså helt på vår side. Av vegvesenet, derimot, var vi snarere litt motarbeida; de stengte like godt E18 mellom Kristiansand og Lillesand akkurat den helga. Det første blant annet til at den planlagte bussturen østover måtte gå samme veien gjennom Birkenes både fram og tilbake. Men historielagsfolk lott seg ikke stanse så lett, og fikk uansett en fantastisk båttur i Blindleia på søndagen.

Lørdagsekskursjonen med kanonmuséet på Møvik som hovedattraksjon, var også et flott og særskilt interessant høydepunkt. Det er ikke lett å forstå, men dette flotte tiltaket får null kroner i støtte! Det drives utelukkende på dugnad og billettinntekter. Det er en nær og viktig historie kanonmuséet tar vare på. Kanskje noe å tenke på for bevigende myndigheter?

Hele arrangementets innhold, unntatt selve landsmøteforhandlingene, var overlatt til en lokal komité, sammensatt av medlemmer av historielaga i området rundt

Kristiansand – samt Agder Historielag. Det vil si: Flekkerøy Historielag, Torridal Historielag, Christianssands Byselskab, Vestre Moland og Lillesand Historielag, Høvåg Museums- og Historielag, Tveit Historielag, Randesund Historielag og Birkenes Historielag. Takk for fin innsats til dere alle.

Selv landsmøtet bar preg av drøftinger om vedtektsendringer og kontingenentøkning. Ønsket om en



mer strømlinjeformet organisasjonsmodell, med blant anna gjennomgående medlemskap og fullt utbygde regionalledd, har vært reist også på tidlige landsmøter. Dette ser nå ut til å ha blitt et alminnelig akseptert mål som de fleste slutter seg til. Men for å komme i vei mot dette målet, må administrasjonen tilføres mer ressurser. Det vil si penger. En årskontingent for tilsluttede lag til kr.10 kr pr. medlem, burde vi vel tale. Det er i alle fall å håpe, for det var det som nå ble vedtatt.

Turnemnd i toppform

Vi i styret var svært spent på den planlagte vestlandsturen til turnemnda i vår. Programmet var omfattende og var innom både kultur, natur og historie. På forhånd var det stor spenning om tilstrekkelig antall deltakere ville melde seg. Dette kunne vi ta helt med ro, skulle det vise seg; det endte med ei venteliste. Turen var svært vellykka og deltagarne hadde stort utbytte av reisa.

Grunnen til at turnemnda blei oppretta, var at våre medlemmer savna turene som blei arrangert før. Vi er derfor veldig glad for at Birgit Attestog, Jan Arild Andersen og Olav Arne Kleveland i turnemnda tok på seg denne oppgaven. I særdeleshet vil vi takke reiseleder Olav Arne Kleveland for det flotte programmet han la opp til – vi har fått bare

gode tilbakemeldinger og flere nye medlemmer i etterkant av turen.

Vi har fått mange henvendelser fra medlemmer med ønske om flere turer og vi håper turnemnda tar oppfordringa videre.

Temamøte i Arendal til høsten

Styret i Agder Historielag har arbeidet en del med å få i stand et årlig møte i tillegg til årsmøtet, i lagets regi. Dette ser nå ut til å bli en realitet. Det skal være et årlig temamøte som Agder Historielag arrangerer sammen med et eller flere tilsluttede lag.

Først ut er Arendal. Her blir det en blanding av omvisning, dvs. byvandring, og foredrag med temaet «Sjøfartsbyen» av Gustav Sætra. Han er en kapasitet på innen emnet, så gå ikke glipp av dette!

Ellers blir det selvsagt kaffi med tilbehør, og sist, men ikke minst; tid til å treffe historievernner og historieinteresserte på tvers av fylkes- og kommunegrensene. For at alle skal ha tid til å komme seg fra selv de fjerneste krokene i regionen vår, er møtestart satt til kl. 13.00. Det hele vil vare 3–4 timer, så du har fortsatt lørdagskvelden ledig til andre ting. Datoen er 10. oktober; merk av denne i kalenderen med en gang!

Håper å se deg i Arendal!

Beint Foss

Skrivaren har ordet

Gode historieverner!

Egde

Kom gjerne med stoff til EGDE – fristen for neste nummer er 15. januar, så du har god tid på deg... Jubileumsstoff er alltid godt stoff! Og hald fram med å sende oss dei fine års-skrifta i laga – så me kan ha omtale av dei i bladet.

Kjempetur av turnemnda!

Turen til vestlandet vart ei skikkeleg vellukka maihelg, takka det gode og interessante turoppelget som Olav Arne Kleveland i turnemnda hadde lagt opp. Sjå artikkelen frå Vidar Toreid heilt bak i bladet. Planane for turnemnda for 2009 var ein langtur (den til vestlandet) og ein korttur. Denne siste vart det opp til meg å førebu, men det har eg diverse ikkje hatt tid til. MEN: Det vert likevel mog-



FRAMHALD FRÅ FØRRE SIDE

legheit til ein kort dagstur med historie i Arendal i oktober – noko som eg ser på som eit vel så godt høve for sogeinteresserte til å samlast og suge til seg endå meir historie (sjå avsnittet nedanfor).

Bli med til Arendal i oktober!

Agder Historielag innbyd til byvandring og temamøte i Arendal laurdag 10. oktober kl. 13.00, med Arendal Historielag som praktisk tilskipar. Her er stikkorda byvandring på Tyholmen først, så føredrag av Gustav Sætra med temaet sjøfartsbyen, musikkinnslag-/underhaldning frå kulturskulen og sjølvsagt kaffi/kaffimat. Ein liten deltakaravgift på 50 kr er tenkt til dekking av ymse utgifter. Her er det inga påmelding, og alle historiefolk frå Flekkefjord i vest til Bykle i nord og Risør i aust er hjarteleg velkomne! Sjå side 14.

Vidare vert det tradisjonen tru skipa til Agderseminaret – denne gongen på Aust-Agder Kulturhistoriske senter. Her er det verkeleg mogleg å få med seg mange historiske godbitar i løpet av dei to dagane seminaret varer. Mange og gode førelesarar er typisk for denne tilskipinga, som skal vere fredag 16. og laurdag 17. oktober. Men du lyt vere rask med

å melde deg på til dette; sjå innbydinga til seminaret på side 12 og 13.

Same kontorstad

Kommunen er framleis ikkje ferdig med sin del av oppussinga og vedlikehaldet av Bentsens Hus enno, så innflyttinga let vente på seg. Dermed er kontorstaden til Agder Historielag som før i 3. høgda i Mållagsbygget. Fordi arbeidsdagane er så ulike frå veke til veke, så er det ikkje noka fast kontortid; ynskjer du å treffe meg, må du altså avtale først. Minner om at jobben tilsvavar 20% stilling, så det er ikkje eit hav av tid eg har til rådvelde...

Sjekk heimesida vår!

Me har ei flott heimeside no, sjekk www.agderhistorielag.no straks! Der ligg det EGDE ute, styremøteopprit, årsmøteprotokollar, årsskriftregisteret og ymse info og etter-spurnader frå historiestudentar med meir.

Som alltid er telefonnr. mitt 97 06 44 85 til meg og Agder Historielag om det er noko du lurer på eller vil tinge.

Sjåast i Arendal, då!

Borghild Løver

Fra landsmøteturen til Møvig Kanonmuseum: Det var dobbelt så mange tyskarar under krigen i Noreg som dei har engelskmenn i Irak for tida. –Ikkje rart det er mange krigsminne etter dei!

Glimt frå landsmøtehelga

Landslaget for lokalhistorie heldt sitt landsmøte på sørlandet denne gongen, og vart velsigna med nydeleg vær og ein engasjert møtelyd som storkoste seg fyrste helga i juni.

Ordføraren i Kristiansand, Per Sigurd Sørensen, hadde fått heideren i å opne landsmøtet på Rica Dyreparken Hotell like utanfor Kristiansand fredag 5. juni. Etterpå fylgde leiaren i Landslaget for lokalhistorie, Kurt Tverli, og leiaren i Agder Historielag, Beint Foss, opp med si helsing til dei om lag 55 frammøtte landsmøtedeltakarane. Gledeleg å sjå at lokallaga og Agder Historielag faktisk utgjorde mest ein fjerdedel av totaltalet; av desse stilte Kvinesdal Historielag og Flekkefjord Historielag med flest deltakarar; dvs. 3 representantar kvar.

Føredraget om Kristiansand vart gjort av Torbjørn Evenbye på strak arm, ettersom Tore Austad måtte melde fråfall. Evenbye tok føre seg dei viktige hendingane for byen; og framheva særleg den medvitne haldninga for miljøet som har utvikla seg. Byen er ein av dei byane med størst vekst her i landet; om lag 1000 fleire innbyggjarar per år – og innbyggjartalet står difor på 80.000 i dag.

Torbjørn Evenbye (tv) stilte opp på særskilt varsel med føredrag om Kristiansand, og Jostein Molde kvitterte med blomar.



Leonhard Jansen var ein engasjert føredragshaldar då han fortalte om setesdølen under landsmøtehelga.

Leonhard Jansen, som heldt føredrag om motsatsen Setesdal og setesdølar, kunne sjølv sagt ikkje vise til same utvikling, men hadde ei rekkje vedunderlege mytar å kome med, rikeleg illustrert med gode fotomotiv. Og påstod at dei setesdølane som hadde hamna i Kristiansand, hadde kome for seint til Amerikabåten...

Rolf Steinar Bergli frå DBVA, dvs. Digitale Bilder i Vest-Agder, viste interessante glimt frå sitt virke som prosjektleiari der, og imponerte verkeleg forsamlinga med den omfattande digitaliseringa av biletene som er gjort; 22.000 digitale einingar (ikkje alle er foto; nokre er brev). Det heile byrja som eit forprosjekt, som sidan vart eit treårig prosjekt. Det var til tider ei utfordring å finne opphavsretten til donerte, gamle biletene. Men då la dei ut biletet på nettet, slik at folk kunne melde frå om kven som var på biletet og kven som evt. hadde opphavsretten.

– Jussen kan vere temmeleg komplisert når det gjeld opphavsrett, fortalte Bergli, men dersom du har gjort eit heiderleg forsøk på å finne ut kven som har opphavsratten til biletet, og du i føreordet på årboka skriv at du ikkje

FRAMHALD NESTE SIDE



Rolf Steinar Bergli frå DBVA (Digitale Bilder i Vest-Agder) imponerte stort med 22.000 digitaliserte einingar i arkivet sitt.

har lukkast, vil du vere rimeleg trygg for å få ei rettssak mot deg. – Dersom du derimot tek biletet av eit kunstverk, la han til, er det ganske annleis; då lyt du betale avgift til kunstnaren okke som.

Sjølve landsmøtet gjekk føre seg om laurdagen, og her var det til tider stort engasjement og klåre meiningsytringar. Saklista gjekk greitt fram til sak 6 og 7; endring av vedtekten og endring i kontingentsatsane. Vedtektsendringane hadde enkelte uklåre moment, til dømes kva «vice versa» i §4 tydde: «*Lokallag som tilmeldes Landslaget blir også medlem i aktuell regional avdeling (dersom slik er opprettet) og vice versa.*» Det var òg ein del drøfting på nominasjonsprosessen, som ifylge styret fungerte tungvint i dag;

når kvar landsdel skal velje kandidatar som vert nominert. I styret sitt framlegg til nye vedtekter hadde alle lag/avdelingar rett til å føreslå styre- og varamedlemer, valkomiteen må likevel freiste å få til god jamvekt på geografisk spreiing og kjønn. Men Tom S. Vadholm, ein aktiv årsmøtedeltakar som sjølv definerte seg som møteplagar (han hadde så sterkt røyst at eg først trudde han tala med mikrofon), fekk gjennomslag for å ha same geografiske nominasjonsprosess som no, men med eitt ekstra område – sidan talet på styremedlemer vart auka frå 6 til 7.

Forhandlingane om kontingentauke vara i mest to timer; her var det kraftig engasjement og klåre motsetnader. Særleg dei store laga med 500 medlemer eller meir, som Kvinesdal Historielag og Ullern Historielag, reagerte sterkt på endringa, sidan det fører til (ti)tusentals fleire kroner i auke. Jomar Berg frå Sør-Trøndelag Historielag sa føre røystinga at han ville gå inn for å styrke organisasjonen. – Det er den organisasjonen me lyt ha for dei som treng hjelp – og for å lyfte opp interessa for å ta vare på historia, meinte han. – Dessutan er det slik at di meir eigeninnsats (eigne pengar), di meir løyvingar får ein frå staten, la han til.

Moteleiarane Inger B. Slågedal og Kjell Eirik Stoveland hadde ikkje høve til å sitje med attlatne auge under landsmøteleiinga.






Landsmøtet vedtok kontingentauken med klår margin (her er det kontrarøystene om visast).

Delegatane Beint Foss og Kristian Sundtoft frå Agder Historielag var òg klåre på si støtte til styret sitt framlegg, som vann mot 12 røyster. Fleire gode attende til medlemene og ein klår sosial profil (til hjelp for dei små laga, som har mest bruk for å få råd og rettleiing frå sentrallekken) er stikkordet for dei nye kontingentsatsane, som altså vart 10 kr per medlem, med minstesats på 500 kr for lag til og med 50 medlemer. Frå landsmøtelyden kom det ei oppmoding om å få ein definisjon på kva som er familiemedlem og fylkesmedlem – kort sagt; er ALLE medlemer, eller er det nokon som er meir «ordentlege» medlemer enn andre?

Etter ein rask gjennomgang av handlingsprogram og budsjett, var det tid for val. Kurt Tverli vart attvald som leiar, medan varamedlem Beint Foss kom inn som styremedlem. Resten av valet gjekk greitt, og årsmøtelyden kunne ta ein vel fortent matpause og ekskursjon etterpå.

Beint Foss tok som nyvald styremedlem stolt imot landslaget si t-skjorte (i historielagssamanhang, ---) i gáve.





Den store kanonen kan svinge to gonger rundt, tek opp 100 m² og kan hevast 52 grader. Sist gong han vart avfyra, var i 1947.

«Reknebord» til 10,5 cm kanonar (som ein lommekalkulator i høve til ein datamaskin).



Arild Andersen tok nær sagt pusten frå tilhøyrarane med sin detaljkunnskap om kanonmuseet spesielt og krigen generelt.





Svein Arild Straedet fra Marnardal Historielag og Kristin Markussen fra Lindesnes Historielag i hyggeleg samvær. Bak sit Ellen Sandvold fra Hadsel Historielag, som hadde vore på kanonmuseet tidlegare, og var gladare i det fine været enn i kanonar.

Laurdagsekspresjonen gjekk i buss gjennom Posebyen i Kristiansand, til Vågsbygd og Flekkerøya og enda på kanonmuseet på Møvig, som husar den nest største landkanonen i Nord-Europa. Der viste Arild Andersen og sonen John oss rundt og fóra historieturistane med detaljar frå krigenes dagar.

Rekkjevida er 55 km og vekta er 337 tonn. Sidan dei berre kunne sjå $2 \frac{1}{2}$ mil, måtte dei ha hjelp frå fly og kart for å sikte inn kanonen rett. Berre kanonrøyret veg 110 tonn. 10 mann skal til for å setje an kanonen. Står du framføre kanonen, vert du drepen av trykket. På det meste var det 1400 mann som jobba på anlegget, og i 1942/43 var det 200 russiske krigsfangar her.

Pansergranatane hadde 200-dels sekund forseinking – slik at han skulle få kome seg godt innanfor skutesida før han vart sprengd.





Lars Petter Østby har nett fått blomar frå Landslaget for lokalhistorie, og koser seg med kona Inger Johanne under festmiddagen på Rica Dyreparken Hotel.

Beint Foss var omvisar på bussen både før og etter kanonmuseet. Han fortalte om m.a. om Vennesla, ei jordbruksbygd som vart industrisamfunn for 100 år sidan. På Ålefjær låg det 3 landhandlalar i 1935, og derifrå og til Hunsfos i Vennesla gjekk det taubane. Sistnemnde vart nedlagd i 1957/58.

Under festmiddagen på kvelden var det allsong og sær god mat, i tillegg til folkemusikalsk underhaldning av kvedaren Olaf Moen. Han er frå Akland ved Risør, men busett i Kristiansand, der han jobbar som vernepleiar til dagleg. Han har jobba mykje med folkeleg songtradisjon i Agder, og er utdana innan folkemusikk både i Valle og Rauland. Sidan han kunne argumentere med at det i ein slik samanheng burde vere folk ifrå både agderfylka, hadde han fått lurt med seg underteikna òg.

Då sundagen kom, var det takk og lov like fint vær som dagen før, for bortsett frå naudsynt køyring med buss, så var det båttur i vakre blindleia i fleire timer. Dei lokalkjende omvisarane Lars Petter Østby og Kristian Sundtoft hadde stor kunnskap om kvart ein-

skild hus og holme. Båtturen byrja i Skottevig, som ein ikkje er heilt sikker på namneopphevet til; det er dei som meiner det skuldast at ei skute med mange skottar gjekk på grunn, og skottane vart gravlagde der.

Landsmøteturistane passerte no den eine sjålege staden etter den andre. Sams for mange av plassane, er at dei var fulle av folk før; då var det eit yrande liv i uthammene; til dømes var det 27 butikkar i Høvåg, no er det berre ein! Ein god del Høvågjenter reiste med skutene og fekk seg huspost i Holland, og kom heim med nye tradisjonar av klede og mat. Som ballast vart det brukta murstein og takstein. 1 takstein kosta 16 humrar! Jord kunne òg vere ballast – og dei gule, små vittulipanane ein kan sjå rundt ikring, kjem frå denne tida.

Båten køyrd forbi oppvekststaden til Torbjørn Evenbye (leiaren i Christianssands Byselskab); Ramsøya, forbi Nibe, Gamle Hellesund, Steinsøya, Ågerøya osb. I dag er det 40 innbyggjarar på Ågerøya, men for 100 år sidan budde det 170 på øya, med hummar som viktigaste leveveg. Det seier noko om kor stor funksjon uthamma har mist. Men du og du, kor vakkert det er i Gabriel Scotts rike; ein verdig slutt på ei flott landsmøtehelg - som fekk blide fjes fram i delegatane heile vegen – både når det galdt mat og alt anna.

Tekst og foto: Borghild Løver





Brekkestø Charter hadde ein framifrå båt ved namn M/S Blindleia som tok landsmøtedelegatane med seg rundt ikring i den vene «indrefileten» i skjergarden mellom Brekkestø og Skottevig.

Brekkestø hadde jamvel sitt eige brennevinsbrenneri.



Agderseminaret 2009

Sørlandskultur – mangfoldet og motsetningene



Agderseminaret 2009 setter kritisk økelys på forestillinger om sørlandsk kultur og identitet. Historikere og forskere fra andre fagfelt vil stille spørsmål ved utbredte klisjeer om hva som er «typisk» for landsdelen når det gjelder tenkesett, holdninger og væremåte, og rette oppmerksomheten mot mangfold og motsetninger både i fortid og samtid.

Gjennom ni foredrag fordelt på to dager belyses utvikling og tendenser på ulike felt – materielt, språklig, religiøst og politisk.

Agderseminaret viderefører en lang tradisjon for årlige samlinger om regionalhistoriske emner. Årlige «sommerseminar i historie» ble holdt fra 1976 og fram til for få år siden. Fra 2007 har Rådet for Forskernettverk Agder videreført denne tradisjonen med et seminar lagt til høsten. Siktemålet er nå som før, å nå det allmenne publikum med interesse for historie, samtidig som det blir lagt vekt på å holde høy faglig standard.

Forskernettverk Agder

ble etablert i 2006 som et tiltak for å fremme forskning om og formidling av Agders historie. Nettverket omfatter samtlige av landsdelens institusjoner med faghistorikere i staben, samt Historisk forening Agder (HIFO Agder). Rådet består av representanter for Universitetet i Agder (UiA), Vest-Agdermuseet (VAM), Statsarkivet i Kristiansand (SAK) og Aust-Agder kulturhistoriske senter (AAks).

Agderseminaret 2009

*Faglig ansvar:
Bjørg Seland, UiA*

*Ansvar for praktisk arrangement:
Kjell-Olav Masdalén
og Anne Tone Aanby, AAks*

*Agderseminaret 2009 er støttet av
Arendal kommune
og Aust-Agder fylkeskommune.*

Program

Fredag 16. oktober

- 10.00 Frammøte, registrering, enkel servering
11.00 Åpning
11.15 Frank Meyer: Kollektiv identitet.
Hvordan kan vi tenke oss nasjonale og regionale identiteter?
12.00 Berit Eide Johnsen: Skipgere, sommergjester og Sabeltann. Sørlandske stereotypier på 1800- og 1900-tallet.
12.45 Enkel lunsj
13.45 Jan Henrik Munksgaard: Agders indre kulturgrenser. Ei forteljing om mangfald; egdemål i tale og skrift.
15.15 Pause
15.30 Siv Ringdal: Amerika i sørlandsk hverdagsliv – fra levesett og «style» til verdier og verdensanskuelse.
16.15 Diskusjon
17.00 Avslutning
17.30 Byvandring i Arendal
20.00 Middag

Lørdag 17. oktober:

- 10.00 Bjørg Seland: Bak pietismens hegemoni: en glemt kulturkamp? Historisk perspektiv.
14.00 Oppsummering og diskusjon
14.45 Avslutning

Det tas forbehold om programendringer

Informasjon og påmelding

Praktisk info

Sted:

Aust-Agder kulturhistoriske senter
Parkveien 16, 4838 Arendal

*Tid:
16. og 17. oktober 2009*

Påmeldingsfrist:

25. september 2009

Pris:

Deltakelse begge dager kr. 600,- inkl. lunsj mm.

Deltakelse én dag kr. 360,- inkl. lunsj mm.

Tillegg for festmiddag fredag kveld kr. 500,-

Overnatting:

Ordnes av den enkelte selv.

Clarion Hotel Tyholmen tilbyr en overnatningspris på kr. 890,- for enkeltrom, kr. 1090,- for dobbeltrom. Inkludert frokost.

Tlf. 37 07 68 00

eller e-post: cl.tyholmen@choice.no.

Mer info på www.choicehotels.no

Påmelding:

Bindede påmelding sendes innen 25. september til

**Aust-Agder kulturhistoriske senter,
Parkveien 16,
4838 Arendal**

eventuelt til

e-post: postmottak@aaks.no

Husk å merke med «Agderseminaret».

Nærmere informasjon og elektronisk påmelding:

www.aaks.no/agderseminaret2009

Ved påmelding, vennligst oppgi følgende detaljer:

Navn, institusjon/ privatperson, postadresse, e-postadresse og telefonnummer.

Vennligst oppgi om du skal delta begge dager eller kun én, samt om du skal delta på festmiddag fredag kveld. Husk å gi beskjed om du har spesielle diettbehov!



Sjøfartsbyen Arendal hadde i sommar den flotte skuta «Götheborg» på vitjing.

Temamøte i Arendal 10. oktober

Agder Historielag skipar til eit temamøte i Arendal til hausten på Arendal gamle rådhus. Her er stikkorda byvandring på Tyholmen først, så føredrag av Gustav Sætra med sjøfartsbyen Arendal som tema, musikkinnslag/underhaldning frå kulturskulen, kaffi/kaffimat.

Tilskipar: Agder Historielag med Arendal Historielag som praktisk tilskipar. Deltakaravgifta vert 50 kr, for å dekke utgiftene. Temamøtet byrjar kl. 13.00 og varer i 3–4 timer.

Agder Historielag er støtta av



**Aust-Agder
fylkeskommune**

og



**Vest-Agder
fylkeskommune**

Invitasjon til deg!

Hvem skal forvalte arkeologiske gjenstander?

Jeg er en arkeolog som inviterer deg som er medlem i et historielag på Agder til å delta i en undersøkelse om interessen du har i arkeologiske gjenstander («oldsaker»).

Undersøkelsen er del av et større forskningsprosjekt om offentligheten og arkeologers interesser i arkeologiske gjenstander. Prosjektet startet i september 2008 og varer frem til september 2012. Prosjektet ledes av undertegnede, arkeolog Atle Omland ved Universitetet i Oslo. Resultatene vil bli formidlet gjennom artikler og en egen nettside.

Utfordringene

Som hovedregel eier Staten alle gjenstander funnet i jorda fra forhistorisk tid eller middelalder (inntil år 1537). Dagens ansvar for å ta vare på, lagre og gjøre dem tilgjengelig er tillagt fem universitetsmuseer (i Oslo, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø).

Tid om annen framsettes det likevel lokal motstand mot den sentraliserte forvaltningen, blant annet fra Agder. Eksempelvis foreslo Randesund historielag i 2002 at et Sørlandets Arkeologiske museum burde bygges i Randesund.

Kommunestyret i Lindesnes ønsket i 2005 et eget arkeologimuseum til kommunen. Vest-Agder sentrparti programfestet i perioden 2003–2007 at partiet skulle arbeide for tilbakeføringen av arkeologiske gjenstander til lokalmiljøene.

Tiltak

Utlån til lokale eller regionale muséer er ett av flere tiltak de arkeologiske universitetsmuseene foretar for å imøtekommne lokale ønsker.

Digitalisering av samlingene er også en storsatsing for å gjøre gjenstandene bedre tilgjengelig for allmennheten. I Vest-Agder gjennomføres for tiden et banebrytende samarbeide mellom fylkeskommunen og Kulturhistorisk museum i Oslo. Fire nye temautstillingar skal formidle fylkets forhistorie, og flere originale gjenstander lånes ut.

Hva mener du?

Likevel vet vi lite om hva slags interesser befolkningen i dag har i arkeologiske gjenstander og de tiltak som gjennomføres.

Jeg håper derfor at du som er over 18 år og medlem i et historielag på Agder vil bidra med dine synspunkter!

Undersøkelsen besvares anonymt på Internett, det tar ca. 15 minutter, og den må besvares innen 1. desember 2009.

Alle som deltar i undersøkelsen blir med i treningen på 3 gavekort á kr. 500!

Mer informasjon om og lenke til undersøkelsen finner du her:
<http://folk.uio.no/atleom/agder.html>

Jeg håper du vil delta i undersøkelsen om du har tilgang til Internett – din mening teller!

Atle Omland
Institutt for arkeologi, konservering og historie (IAKH)
Universitetet i Oslo
Mer informasjon om meg og prosjektet
finner du også her:
<http://folk.uio.no/atleom/>

Arkeolog Atle Omland ved Bautaparken.



God og lærerik gards- og ættesoge for Eiken

Fyrste band av Gards- og ættesoge for Eiken er no komen. I snart 20 år har Eiken Sogelag arbeidd med prosjektet, dei seinaste åra med Ådne Fardal Klev som redaktør. Mange har gjeve sin skjerv opp gjennom åra. Interessant er det at språket i boka er lagt så nær opp til dialekten i Eiken som mogeleg. Det gjev på lengre sikt ein peikepinn på korleis dei tala i desse bygdene i byrjinga av dette tusenåret.

Eit anna poeng er ordforklaringane på opp mot 50 ord som elles ikkje er så heilt ålmənt kjende. Eit godt knippe med forkortingar står

øg forklart. Eit tredje poeng er at boka startar allereie på forsatsen med eit kart over dei 13 omtalte eigedomane med nummer og namn. Det gjer det enkelt å fylgle med i geografien etter kvart som ein les seg frametter, eller dykke ned i ein eigedom ein vil vete meir om.


Omtalen av eigedomane har fått ei strikt og god form. Fyrst vert garden, namnet og om det er gjort nokre oldfunn på staden, forklart. Så fylgjer dei ytre grensene, utmarka, innmarka, jordskifte, stadnamn og andre opplysningar. Etter det folketal og bruk med årstal, utsæd og husdyrhald.

Neste kapitel gjeld eigarar og brukarar, og historia går heilt tilbake til byrjinga av 1600-talet og fram til våre dagar. Her er omfattande ætteleistar med fødsels- og dødsår på barn og svigerbarn osb.

Her og der opnar menneska seg i forteljingar om skrømt og overtru, ulukke og glede, fødsel og død, strid og prosessar om arv og deling og andre fargerike historier, som så lett ender sine dagar i gløyemeboka om ikkje det er folk til å ta vare på dei. Alle dei tusen menneske som gjennom hundreåra har levd sine liv her – nokre i armod, nokre i velstand. Men dei fleste har nok kjempa for dagen og vegen. Som historia som Olav Bryge fortalte frå garden Grostøl i Eiken i 1984:

«Mor mi fortalte at Tobias og Torborg måtte på austlandet for å gjæta. Alderen på dei veit eg ikkje med visse, men dei var under ti år. Dei fekk ikkje vera i lag, men måtte gjæta langt frå kvarandre. Torborg har fortalt mor, at då dei skildest og var komen eit stykke frå kvarandre, snudde Torborg seg og sprang litt attende så ho fekk sett Tobias ein gong til, før han var ute av syne.

Berte var syster til Tobias og Torborg. Ho måtte av å gjæte på austlandet, i 7–8-årsalderen. Ho fortalte mor at ho «velsigna» Lars F. Grostøl for at han hadde teke seg av henne på turen austover og hjelpt ho med overnatting i Kristiansand. Eg tykkjer òg hugse at småjenta hadde fått liggja i senga med Lars om natta.



Ho gjætte ein stad i Vennesla. Ho kunne sjå til Grovane og visste derfor kva klokka var når toget kom. Løna var kr. 50,- for sommaren.»

Historier fylgjer kvar einaste gard, det gjer boka til lødig lesnad.

Redaksjonen har gjort ein god jobb for å bringe fram biletet. Ein del skikkeleg morosame og interessante biletet har dei funne fram, biletet heilt tilbake frå 1890-åra. Det må ha vore ein svare jobb å finne fram til rett namn på personane på dei. Men kanskje burde dagens folk på gardane òg vore med på biletet.

Gards- og ættesoge for Eiken er på 399 kompakte sider. Ho er godt skriven, og dei mange medarbeidarane gjennom mange, mange år, også før det eigentlege arbeidet med å få fram ei slik bok tok til rundt 1990, har gjort ein krevjande innsats. Det må ha vore eit stort og vanskeleg samarbeidsprosjekt. Ingen nemnd, ingen gløynd. Det er ei bok som alle med tilknyting til Eiken sokn vil ha glede av gjennom mange timer hyggeleg



Siri og Tobias Vik i trilla på veg til kyrkja. Biletet er tatt på Skeie ca. 1950.

lesnad. Ikkje berre dei som har ei unik lokalhistorisk interesse. Folk med aner til soknet er i dag spreidde over heile landet. Derfor bør bøker av dette karat marknadsførast nasjonalt. No ventar vi spente på band 2.

**Tekst: Per Gundersen
Foto: Åboka**

I samband med Eikjenreiæ 2004 var det offisiell opning av den restaurerte saga på Kvåle. Her er vi Håkon Verdal som skjer den første tømmerstokken. Per Kvåle og søskensarne med same namn diskuterer i bakgrunnen. Hovudmannen for restaureringa var Finn Haugedal



Tveit historielag - Årsskrift nr. 19-2008

Tveit historielag sitt årsskrift for 2008 inneholdt to lengre artiklar. Den eine er skriven av Ian Ponsford og er omsett av Rolf Bakken. Ian Ponsford var pilot i 130sqn RAF under krigen. 20. juni 1945 tok denne avdelinga av frå Dyce og kryssa Nordsjøen

før dei landa på Kjевik. Ei av oppgåvene til avdelinga var å flyge over leirane med tyske soldatar. Sidan dei tyske soldatane på det tidspunktet kontrollerte seg sjølv, var det viktig for engelskmennene å syne dei kven som hadde kontrollen i Noreg.



Maten var annleis på Kjevik enn i England. Middagsmaten var fisk, og til kvart måltid fekk dei hummar. Sjølv om han var god, lengta gutane etter ei god steik. Og dei lyse sommarnattene var også ei ny oppleveling for flygarane. Ian Smith var ein av pilotane. Han vart seinare statsminister, president i Sør-Rhodesia/Rhodesia-Zimbabwe. Truleg har han fortalt om opphaldet på Kjevik til den einaste sonen sin. For han vart som vaksen gift med ei norsk kvinne.

Opphaldet til avdelinga på Kjevik varte i vel fem månader.

Bileta i artikkelen får om lag like stor plass som teksten, og det fortener dei. For det er bilete frå ei historie som var kort og innholdsrik for folket i Tveit.

Og nærmere folket i Tveit kjem me i den andre artikkelen. Inger W. Jæger skriv om Ve skole sine 50 år.

Tveit kommune la ned dei fleste av småskulane i kommunen og bygde ein ny sentralskule i 1959. Då skulen tok til, var det 150 elevar og fem lærarar. I dag er der 397 elevar og 67 tilsette.

Innhaldet i skulen, undervisningsmateriellet, kort sagt muleheitene til betre og meir levande undervisning har endra seg i takt med aukande velstand.

I dag har lærarane kontortid då dei skal vere på skulen. I 1972 underviste lærarane, og så var dei sjølve ansvarleg for korleis dei brukte den andre tida. Tid til førebuing, foreldrekonferansar, fagleg påfyll og liknande. I det året gjekk Sven Johannessen saman med

andre lærarar på Ve i gong med å laga ein slalåmbakke. Saman med elevane jobba dei på laurdagar for å få til denne bakken. I 1984 vart han ferdig. Initiativ, kreativitet og pågangsmot var varemerket til Sven Johannessen. Jonny Bernander kåra han til den beste læraren han nokon gong hadde hatt.

Osmund Dønnestad arbeidde i 28 år på Ve skole. Han døydde i 2008. Tom Egerhei har skrive eit minneord om det gode mennesket Osmund Dønnestad.

Årsskriftet er velskrive og interessant med mange gode bilete. Kort sagt: Takk for heftet, Tveit historielag!

Leiv Torstveit

Britiske soldatar på Kjевik like etter krigen.

Illustrasjon frå årboka.



<<E seiår de bare!>>

Lillesandsdialekten i ord og uttrykk

**Utgjeve av Vestre Moland og
Lillesand Historielag 2008**

Forfattaren Bergljot Øie Johansen har lagt ned eit stort arbeid ved å lage denne rikhaldige samlinga av ord og vendingar frå lillesandsdialekten. Ho har hatt god kontakt med eldre folk i Lillesand, m.a. gjennom arbeidet sitt, og ho har ynskt å få ned på papiret ord og vendingar som dei eldre brukte. Ho peiker i føreordet på at ein dialekt er i stadig endring, og at det er viktig å bevare ord og uttrykk frå Lillesand før dei forsvinn eller blir altfor utvatna.

Gabriel Flørnæs Knudsen har vore språkkonsulent. Han har skrive ei interessant innleiing der han tar fram særmerkte trekk ved lillesandsdialekten. Han nemner viktige kjelder til påverknad av dialekten, slik som sjøfart og handel. I nyare tid har industrireising i kommunen ført til visse språklege endringar gjennom tilflytting og pendling. Flørnæs Knudsen nemner at det er blitt fortalt at då Ivar Aasen dreiv med si innsamling av ord omkring 1840, kom han til Tveide. Der snudde han fordi det ikkje lenger var norsk han høyarde, men dansk.

Flørnæs Knudsen skriv at den lokale dialekten unekteleg har hatt felles trekk med det som offisielt er nynorsk i landet.

Han har laga eit oversyn over korleis verb og substantiv blir bøygde. Når det gjeld pronomen, har han sett opp eit oversiktleg skjema.

Bergljot Øie Johansen har ordna samlinga av ord og uttrykk på ein strukturert og ryddig måte. Samlinga er alfabetisk ordna, og kvart ord blir forklart med det vanlege riksmålsordet for dialektordet. I tillegg er dialektordet sett inn i eit døme, i ein naturleg bruk av ordet. Dei fleste orda i samlinga vil den litt eldre lesaren kjenne, om vedkomande er frå vår landsdel. Andre ord er meir lokale og var ukjende for denne meldaren.

Bergljot Øie Johansen har gjort eit arbeid som er viktig, ikkje berre med omsyn til lille-



sandsdialekten. Av di mange ord og uttrykk går igjen i mange andre dialektar, vil samlinga vere av stor verdi for eit mykke større område enn Lillesand. Dialektgrensene er, som vi veit, heller ikkje heilt faste. Boka kan lesast med utbytte av alle språkinteresserte. Og samlinga vil vere ei viktig kunnskapskjelde for dei som i framtida vil studere endring i ein gild sørlandsdialekt.

Ein del illustrasjonar friskar opp, og boka kunne gjerne hatt fleire slike.

Bak i boka har forfattaren tatt med nokre songar for ungar, regler og songleikar.

Boka er knappast av det slaget som ein les frå perm til perm i ein sleng. Mange vil sikkert likevel ha glede av å bli kjent med dette viktige kulturarbeidet som vi har fått frå Bergljot Øie Johansen.

Jon Olav Gryting

25-årsjubileum

Kvinesdal Historielag, eitt av dei største historielaga i landet, runda 25 år dette året, og då kravst det sjølvsagt ei skikkeleg feiring

Sidan Kvinesdal Historielag er 25 år i 2009, blei årsmøtet 11. mars utvida til ein stor kulturkveld. Møtestaden var Kvinesdal Kulturhus, og med om lag 220 frammøtte var det få ledige stolar.

Leiar Kenneth Trælandshei helsa alle velkommen, og så starta kvelden med musikk. Ann Mari Edvardsen Alexis song, akkompagnert av Oddbjørn Stakkeland. Dei hadde eit vidt repertoar, alt frå Garborg og Prøysen til salmar, filmmusikk og opera.

Det tradisjonelle årsmøtet gjekk som vanleg raskt unna, og så overtok Jan Gulliksen

som konferansier. Han samtalte med Kenneth og Anne-Berit Erfjord, som har vore med i styringa i 21 og 25 år, Kenneth som leiar og Anne-Berit som kasserar.

Ragnhild Skarsten Larsen helsa frå Agder Historielag og frå Flekkefjord Historielag og hadde med bokgåver og blomar. Ordførar Odd Omland helsa med gode ord og blomar i tillegg til ein sjekk på 5.000 kr.

Georg Pollestad og barnebarnet Alexander Borlaug frå Klepp spela munnspelet av høg klasse. Georg lagar munnspelet til mange av dei største utøvarane i verden. Alexander har vore UKM-vinnar, og dei to laga ein flott konsert.

FRAMHALD NESTE SIDE

Ordførar Odd Omland helsar og gratulerer Kenneth Trælandshei og Anne-Berit Erfjord med jubiléet.





Kenneth Trælandshei fekk blomar, gåver og gode ord då Ragnhild Skarsten Larsen helsa frå Agder Historielag og frå Flekkefjord Historielag.



Ann Mari Edvardsen Alexis song, akkompagnert av Oddbjørn Stakkeland.

FRAMHALD FRÅ FØRRE SIDE

I pausen kunne folk ta for seg av god mat; smørbrød og marsipankake levert av Knaben Gruvekjøkken. Det er ikkje heilt enkelt å balansera ein tallerken med mat og ein kopp varm kaffi i tillegg til å handla lodd og eventuelle skrift frå historielaget samtidig som ein pratar med mange kjente. Då skulle ein hatt fleire hender.

Etter pausen gjekk trekkinga av blomar, fruktkorger, t-skjorter og bøker raskt og effektivt.

Ingvar Olimstad var kveldens kåsør. Han hadde kalla kåseriet sitt «Lått og løye frå gamle Kvinesdal». Mange fekk friska opp

Georg Pollestad og barnebarnet Alexander Borla

minne om fotballkampar med store tap, dei mange kallenamna i bygda, «erkefienden» Lyngdal og mykje meir. Framføringa med innslag av rim skapte gapskratt i salen.

Frå si store samling av foto frå laget sine 25 år, hadde Johannes Hamre plukka ut nokre få og fått laga ein fin DVD med musikk av Sverre Eftestøl.

Siste programpost var sjølvsagt Kvinesdalsongen, kåra til den finaste i landet av Nitimen. Sverre Eftestøl sin melodi har 25-års jubileum i år, og han akkompagnerte saman med Oddbjørn Stakkeland.

Tekst: Anne-Berit Erfjord
Foto: Johannes Hamre

Ingvar Olimstad, kåsør og populær skribent i årsskriftet.



«Arnstein»

Årsskrift 2008 for Evje og Hornnes sogelag

Namnet Arnstein skriv seg heilt tilbake til Knut den Mektiges tid rundt år 1000 e. kr. og er den første mannen ein kjenner namnet til i Evje. Fordi Evje og Hornnes sogelag gjennom årsskriftet sitt vil halde farne tider i hevd, fann dei at dette namnet høvde godt som tittel på heftet.


Mange i dag tenker nok på Evje som eit knutepunkt for handel og kommunikasjon. Ved å lese dette årsskriftet vil ein finne at Evje og Hornnes er bygder med mykje spennande historie og kultur – og vel verdt å lese også for folk utanfor kommunen.

I skriftstyret for heftet sit Oddmund Mogstad, Olav Arne Kleveland, Ivar Haugen, Kåre Hodne, Rita Flottorp og Anfinn Lislewand - dessutan har Alf G. Kjetså kome med mykje av biletstoffet. Dei har i stor grad sjølve vore bidragsytarar til heftet, men har òg knytt til seg andre artikkelforfattarar.

Heftet spenner over 51 sider og inneholder 11 ulike artiklar, dei aller fleste med illustrasjoner til. Til saman gjev desse artiklane ei levande skildring av ulike sider av dagleidlivet i desse to bygdene, som på denne tida var to ulike kommunar.

Aller først i heftet har Rita Flottorp ein oversikt over arbeidet i sogelaget i 2008, der ho fortel med tekst og bilete om dei to turane laget har hatt.

Bortsett frå artikkelen til Oddvar Mogstad om gardsnamn i Evje – der han går hundrevis av år tilbake, er mesteparten av stoffet henta frå tida rundt førre hundreårsskiftet og fram til 1950-åra.



Eg tek her føre meg artiklane slik dei står i årsskriftet.

Nils Dåsvatn har gjeve eit levande bilet av korleis livet på Hornnes stasjon arta seg under og etter krigen. Då var dette den største arbeidsplassen i Hornnes og eit viktig knutepunkt for bygdene og kommunane i kring. Han let lesarane bli kjende med fargerike personlegdomar frå den tida og skildrar kommunikasjonsåra med hest og ymse motoriserte køyretøy. Som ein del av tidsbi-

FRAMHALD NESTE SIDE

FRAMHALD FRÅ FØRRE SIDE

letet kan nemnast at ei vanleg timeløn på denne tida kunne vere kr. 1,87!

Den siste bonden på Fjellestad heiter Olav Fjellestad. Han blir intervjua av Rita Flottorp og Alf Georg Kjetså og fortel om mange harde tak, først som gutunge på garden og deretter som bonde frå 1951.

Tevlingar og prestasjonar stod sterkt mange stader i denne tida. Anfinn Lislevand gjev oss ein interessant gjennomgang av prosessane som var i gang då dei første idrettslaga vart danna. Ikkje minst var det eit politisk spørsmål i kor stor grad kommunen skulle blande seg inn i slike saker. I 1945 vart Evje Idrettslag skipa etter om lag 15 år med diskusjonar om plassering og eigarforhold. I forlenginga av denne artikelen fortel Olav Arne Kleveland om korleis idrettsungdommen reiste minnesmerke over falne motstandsmenn i 1946. Denne steinen står i dag ved Evje kyrkje.

Anders Andersen knyter mange artige minne til sommaren 1953, då han som fotograf for bokverket «Norges bebyggelse» fór rundt og tok bilete av hus i Evje, Hornnes og Iveland. For oss som voks opp på den tida, er det lett å nikke gjenkjennande til både Harry Brandelius og dei første gråtasane som putra rundt på slåtteteigane.

Ivar Haugen og Olav Arne Kleveland har dukka ned i arkiva til Kristiansandsavisene og plukka fram stoff om kva som rørde seg i Evjedistriktet for om lag 100 år sidan.

Her kan ein m.a. lese om møte i lærarlaget, fesjå, frykt for utbygging av Otra-vassdraget og utanlandsk kapital - og bekymring for kvinnene som «ikke længere dyrker Skiindræten.»

Oddmund Mogstad sin artikkel om gardsnamn i Evje har eg nemnt tidlegare. Her er mykje interessant lesing for både språkleg og historisk interesserte lesarar.

I 1901 skreiv stortingsmann og statsmi-

nister Jørgen Løvland brev frå Kristiania til syskenbarnet sitt, Ola Nottoson Løvland. Løvland gløynde aldri heimbygda si, seier Kleveland, og han hadde fleire reiser dit etter at han flytta til hovudstaden. I brevet friskar han opp minne frå barndomen og fortel litt om livet i storbyen – han hadde på den tida 12.000 kr. i årsløn, men klagar følt over skatt og faste utgifter. Det er interessant å studere språket i brevet, der dialekten kjem tydeleg fram i rettskrivinga.

Årsskriftet inneholder òg eit anna brev med bakgrunnsstoff av Ivar Haugen. Brevet er frå bestemora hans som, etter at mora døyde, måtte ta mangt eit tungt tak på garden. Ho skriv til halvsyster si som har teneste i Kristiansand, og fortel om laust og fast frå gardsarbeidet og litt meir lettiva aktivitetar.

Til slutt i heftet har Olav Arne Kleveland ein omfattande og interessant artikkel om lag og lagshus frå 1880 og framover. Her kan vi lese om fråhaldslag, ungdomslag, religiøse og politiske samanslutningar. Det er tydeleg at denne tidsperioden var prega av sterke brytingar, men der òg optimismen og idealismen stod sterkt.

«Arnstein» er eit årsskrift med stor breidd og mykje interessant stoff. Ikkje minst vil eg tru at skulane kan ha stor glede av heftet, både for å levandegjere lokalhistorisk stoff og hjelpe dei unge til å sjå sammenhengar mellom notid og fortid.

**Årsskriftet kostar kr. 75
og kan skaffast gjennom
Evje og Hornnes sogelag
v/Ivar Hauge
Fennefossvegen 14
4735 Evje.**

I tillegg har òg laget ei rekke andre lokalhistoriske hefte til sals.

Torhild Austad

Sånn var det

Arendal Historielag 2008


Årboka for fjoråret var den 14. i rekka, og er på heile 188 innbundne sider (medrekna elleve sider reklame). Boka famnar breitt og er vorten ei mangfaldig samling med velskrivne artiklar frå gamle dagar i Arendal. Det er òg gjort eit godt arbeid med å lese korrektur, og det er godt språk i boka. Det er mange fine biletar i boka, og gjer til at det blir ei flott, visuell oppleving.

Nokre artiklar, som den om Øvre Barbu, vert prega av oppramsing av namn og matriklar – så det gjeld å halde tunga rett i munnen til tider! Særskilt viss lesarane er frå dette området, vil det vere interessant (underteikna budde ein periode i Barbu, og kjende seg godt att!). Dessutan er artikkelen full av små sidehistorier og digresjonar som gjer han ekstra morosam.

Artikkelen om fru Grimsgaard og hennar liv og livnad er ei særslig fascinerande historie. Ho lærte heile Arendal selskapsdans, ballett og plastikk; og etterkvart som dansemotane svinga, var ho ikkje snauare enn at ho lærte seg dei nyaste trendane. Det gjorde sitt til at ho danka ut konkurrentane på eit blunk!

I 1704 vitja Kong Frederik den fjerde Arendal, og vi kan fylge Frederik Esmarck sine skildringar frå denne turen. Han var etatsråd og med i kongen sitt fylgje. Artikkelforfattaren har gjort ein stor jobb med å omsetje desse skildringane frå tysk, og presentere dei i moderne språkdrakt i årsskriftet.

H. B. Herlofsens memoarar er vel verdt å lese. Han har skildra ei tidlegare finanskrisje,



Årbok Nr. 14 - 2008

nemleg Arendalskrakket i 1886 (på denne tida var det konjunkturkrisje i heile verda). Han har ein munter penn, og skapar eit godt og humoristisk biletar av den trasige tida og den friske familien sin!

Vi kan lese om Sørlandsforlaget; eit lite forlag som på si korte levetid gav ut ei lang rekke bøker, frå religiøs litteratur til opplysnings- og fagbøker.

Så fylgjer ein artikkel om forfattarinna

FRAMHALD NESTE SIDE

FRAMHALD FRÅ FØRRE SIDE

Kaia Bruland-Nilssen (f. 1868). Ho fekk fleire av bøkene sine omsett til svensk, og fekk til og med førespurnad om filmrettane til ei av bøkene. Dette stoppa på grunn av krigen, men ho kom seg som kvinneleg forfattar uvanleg mykje opp og ut, og vart kjend for veldig mange.

På ei tid var Arendal Noregs knutepunkt, iallfall når ein ser på telegrafen. På slutten av 1800-talet gjekk nesten alle undersjøiske utanlands kablar frå Noreg ut frå Arendal. På Hisøy kan ein framleis sjå restar av steinkara til telegrafstolpane frå 1866. Lesaren får høve til å lære om ulike vassvegar i Arendalsområdet; utbetringar i Vestregabet og Østregabet, forbetringar i Nidelva og kanalen i Moland. Når ein har lese dette interessante stykket, kjem ein til historia om Vippa; eller bruha ved Vippa, som vart opna i 1892.

Er du god til å kjenne att slektstrekk, så kan du prøve å finne ut av kven guten på

maleriet i det gamle rådhuset kan vere. Biletet kom som gavé på 1970-talet, men ingen veit noko meir om det. Han var nok aldri på torvet i Arendal slik som det er no; det blei nemleg til etter at «Den indre Pol» vart fylt att etter bybrannen i 1863. Vi fylgjer historia i form av gamle postkort, og det har vore ei rivande utvikling her! Men det er eit trist faktum at vi i dag nesten ikkje ser dei mange torghandlarene som bileta før var så fulle av. Her har tydeleg kommunen ein jobb å gjere!

På tampen kan vi lese historia til Arendalsbanen som opna i 1908. Den gongen gjekk banen frå Grimstad heilt til Treungen. Delar av banen er vorte nedlagde i tur og orden, og vi står i dag att med strekninga Arendal-Nelaug.

Då er det berre å ynskje deg som lesar ei god lesaroppleving med dette knippet av interessante, morosame og spennande historier!

Olaf Moen

Aust-Agder-Arv ute med årboka for 2008:

En timesluker av en årbok

Igjen varter aust-egdene opp med en ren timesluker av en årbok, Aust-Agder-Arv, Årbok 2008, med Anne Tone Aanby som redaktør. I motsetning til i fjor da sjøfart var det gjennomgående tema, er årets bok preget av livets mangfoldighet og variasjon.

I tillegg til den selvskrevne årsberetning for Aust-Agder Museum- og Arkivlag, prydnes boken av ti fyldige og velskrevne artikler som strekker seg fra Henrik Wergelands syn på Kristian Lofthus og Lofthusreisinga 1786-87 fra Øyvind Bjorvatns penn og Øystein Rians, Konge – embetsmann –

undersått: et trekantdrama fra dansketida og opp til nærlheten av vår egen tid med Hilde Austarheims artikkel om «Boligforhold og klasseforskjeller» på industristedet Eydehavn i i 1912–1913. Den sosiale spredning i artikkellutvalget er der ingenting å si på.

Utvalget av artikler er ut over de nevnte «Madam Collin med Børn» av Kjell Knudsen som følger opp «En skreddermesters død» i Grimstad i 1865. Anne Marie Falck skriver Om «Mannen i Tåga» – konger, guder og mestere. Nå er vi helt tilbake til den romerske guden mars og skulpturen Mannen i Tåga som i 1964 ble gitt til Aust-Agder Museum av Bergljot Ugland. «Utdrivelsen av Paradiset» – om ingeniøren

Leif Gill ved Arendal Smelteverk er Hilde L. Austarheims andre bidrag til årboken, og igjen er det Eydehavn og Eydehavns Arbeiderforening som står i sentrum sammen med artikkelen hovedperson. Også Anne Marie Falck har dyppet pennen til to artikler. Hennes andre artikkel handler om «De romanske hodene på Tromøy kirke» – en utfordring for forskere. Nok ikke bare for forskere, men også for den jevne kirke- og kirkebygghistoriske interesserte. Her er vi tilbake til vikingtid og førkristen tid og følger mange tråder både ut i verden og her hjemme i tid og stil.


Lise Råna presenterer «To bilder fra Merdøgaard», en hyggelig liten artikkel med bilder fra Arendals stolte øy med den praktfulle hovedgård. Monika Kurszus Håland setter tankevekkende ord på «Arkivene som grunnlag for rettferdighet og demokrati».

Boken har også fått sin artikkel på engelsk, som jeg nok synes skulle ha vært oversatt – «National Historiographies and the Viking Age: A Re-examination», skrevet av Einar Gunnar Bergisson. Det er en omfattende historie, hvor han blant annet gir til beste sitt syn på den tidlige vikingtid hvor Agder-kysten, og ikke minst Vest-Agder, sto sentralt i handel og kommers med mange blomstrende småsteder, og kontakten med

utlandet. Han mener at dokumentasjonen viser at den såkalte Scirings heel lå på Listalandet. – Men for mange med begrensete engelskkunnskaper vil artikkelen nok bli en tungt fordøyelig fornøyelse. Men interessant er det.

I det hele tatt en fremragende årbok som gir liv til historiens alt for mange sorte hull i vår allmenne historiske kunnskap, men som sluker oss med hud og hår mens vi arbeider oss gjennom den. En ny seier for Aust-Agder Kulturhistoriske Senter.

Per Gundersen



Årsmøteprotokoll for Agder Historielag laurdag 18. april 2009

Stad: Majorstuen,
Evjemoen,
kl.11.00-14.30.

Til stades: Om lag 45 direkte-
medlemer/lokal-
lagsrepresentantar.

Styreleiar Beint Foss ynskte velkommen. Han var forsongar på Mellom bakkar og berg, som heile møtelyden stemde i med. Kathrin Pabst heldt eit verkeleg innlevande føredrag om «Kulturhistoriske musé på nye vegar. Mellom krav frå staten, folket og opplevingsøkonomien.» Klokka 12.30 var det middag.

Sak 1 VAL AV MØTELEIAR

Leonhard Jansen vart vald til møteleiar.

Sak 2 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Innkallinga og saklista vart godkjend.

Sak 3 VAL AV TO REPRESEN- TANTAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLLEN

Alvhild Gulbrandson (Vestre Moland og Lillesand Historielag) og Olav Arne Kleveland (Evje og Hornnes Sogelag) vart valde til å skrive under protokollen.

Sak 4 GODKJENNING AV ÅRSMELDING

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend. Det vart samstundes orientert om at landsmøtet i Landslaget for Lokalhistorie skal vere på sørlandet i år (Sørlandsparken), og Agder Historielag og dei ikringliggjande historielaga er praktiske tilskiparar for møtet.

Sak 5 GODKJENNING AV REKNESKAPEN

Ragnhild Skarsten Larsen la fram rekneskapen, som viste 95.666 kroner i overskot i

2008. Rekneskapen var revidert og funne i orden, jamfør revisjonsmeldinga som var prenta i EGDE. Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

Sak 6 VEDTEKTER

Vedtekten som vart delte ut på årsmøtet i fjor, hadde ikkje heilt samsvar med dei vedtekten som var prenta i EGDE. Reint formelt måtte difor vedtekten opp på nytt. For ordens skuld gjekk skrivaren gjennom dei få stadene det ikkje var samsvar.

Årsmøtelyden godkjende vedtekten samrøysts.

Sak 7 INNOMNE SAKER

Det var ingen innomne saker.

Sak 8 BUDSJETT

Årsmøtet gjekk samrøystes inn for det framlagde budsjettet som Ragnhild la fram.

Sak 9 VAL

I valnemnda sat Ellinor Lundberg (Arendal), Jørdis Hodnemyr (Vennesla), Olav Arne Kleveland (Evje) og Per T. Knudsen (Kr.sand). Noko alternativt framlegg kom ikkje fram, og valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke. (Sjå neste side.)

Straks før årsmøtet var heva, takka leiaren for tilliten og delte ut blomar til avtroppende styremedlem Jan Arild Andersen og dvd'en med Sturla Ertzeid til dei to som gjekk ut av valnemnda i år; Olav Arne Kleveland og Jørdis Hodnemyr.

Turnemnda v/Olav Arne Kleveland nyttet høvet til å drive reklame for turane i nemnda.



Frå venstre: Olaf Ingebretsen, Ellen Ledaal Gjertsen, Inge Augland, Ragnhild Skarsten Larsen, Hallvard O. Tveit, Eilert Skjævestad, Kristian Sundtoft (vararepresentant for Anders Auen Grimnes) og Beint Foss.

Styret for Agder Historielag 2009-2010

Leiar: **Beint Foss**, Fossev. 130, 4658 Tveit
Tlf. 38 06 33 24 - 90 85 02 74

beint@gpartner.no

Vara: *Helge Wiig*, Skidalsheia 18, 4514 Mandal
Tlf. 38 26 27 60 - 95 13 87 48 - aa.wiig@frisurf.no

Nestleiar: **Ellen Ledaal Gjertsen**, Lykkensborgveien 1, 4841 ARENDAL
Tlf. 37 01 64 26 - 99 54 60 85
ellen.ledaal-gjertsen@arendal.vgs.no
Vara: *Sveinung Lien*, Kollåsv. 44, 4900 Tvedstrand
Tlf. 37 16 12 63 - 47 23 65 59
sveinung@kabeltv.as

Rekneskapsansv.: **Ragnhild S. Larsen**,
Svegev. 13, 4400 Flekkefjord
Tlf. 38 32 39 17 - 95 20 40 28
ragnhild.skarsten.larsen@gmail.com
Vara: *Kari M. Bruli*, Træland, 4480 Kvinesdal
Tlf. 97 75 05 59
kari.bruli@kvinesdal.kommune.no

Inge Augland, Kuliav. 37, 4618 Kristiansand
Tl: 38 11 84 44 - 90 18 66 08 - iaugland@online.no
Vara: *Liv Kirsten Rølland*,
Skinnerheia 31A, 4634 Kristiansand
Tlf. 38 19 82 92 - 47 81 86 14 - livkir@broadpark.no

Olaf Ingebretsen, Storevoldhei 14, 4700 Vennesla
Tlf. 38 15 58 47 - 99 56 11 89

Vara: *Gerd Lillian Olsen*,
Salthaugv. 97, 4517 Mandal
Tlf. 38 16 92 44 - 40 41 60 61

Anders Auen Grimnes,
Østre Grimenes, 4790 Lillesand
Tlf. 37 27 06 04 - 91 33 79 64

Vara: *Kristian Sundtoft*, Østregt. 3, 4790 Lillesand
Tlf. 91 34 12 37 - kristian.sundtoft@runbox.no

Digitaliseringsansv.: **Hallvard O. Tveit**,
Brokke, 4748 Rysstad - Tlf. 37 93 61 84 - 48 12 10 31
haltvei@online.no

Vara: *Birgit Attestog*, 4745 Bygland
Tlf. 37 93 56 22 - 90 63 95 64
birgit.attestog@setesdal.vgs.no

Eilert Skjævestad, Sølvfaksv. 5, 4818 Færvik
Tlf. 37 08 50 80 - 92 81 94 86
eilertogruth@gmail.com

Vara: *Jan A. Ommundsen*,
Gabriel Scottsvei 4, 4818 Færvik
Tlf. 37 08 50 91 - 95 23 36 15
jan.anders.ommundsen@arendalsskolen.no

Vedtekter for Agder Historielag

FØREMÅL

§ 1

Agder Historielag har som føremål å fremje interessa for og auke kjennskapen til historie og kulturvern i landsdelen.

VERKSEMD

§ 2

For å nå målet skal Agder Historielag:

- Styrke samarbeidet mellom historielaga og representere desse i saker av felles interesser overfor fylkeskommunale styresmakter.
- Arbeide aktivt for at folk flest, media og myndigheter får auka forståing for verdien av kulturarv og historie.
- Ta på seg oppgåver som best kan verte løyste på regionalt plan, så som kurs, seminar og kulturreiser.
- Gje ut publikasjonar som til dømes årsskrift og medlemsblad og drive andre former for opplysningsarbeid.

ORGANISASJON OG MEDLEMSKAP

§ 3

Agder Historielag er tilslutta Landslaget for lokalhistorie og utgjer fylkesleddet for Agderfylka.

§ 4

Medlemer kan vere:

- a) Lokale historielag og foreiningar med føremål i tråd med § 1.
- b) Direkte personlege medlemer.
- c) **Offentlege og private institusjonar**

Lag og direkte medlemer betaler kontingenent som årsmøtet fastset. Årsskriftet og medlemsbladet er inkludert i kontingenenten.

ÅRSMØTET

§ 5

Årsmøtet er øvste organ i laget. Tidspunkt for dette er seinast i april månad. I dei åra det vert halde landsmøte, bør årsmøtet i Agder Historielag vere minst seks (-6-) veker føre landsmøtet. I særskilde fall kan styret kalle inn til omframt årsmøte.

Årsmøtestad kan vere skiftevis i Aust- og Vest-Agder annakvart år, eller i **Evje og Hornnes kommune** kvart år. Kvart medlemslag vel to delegatar med varafolk til årsmøtet, **medan institusjonar har rett på ein delegat til årsmøtet**. Alle direkte medlemer og tillitsvalde i Agder Historielag har høve til å møte på årsmøtet.

Røyste- og talerett har alle direkte medlemer og delegatar. **Styret har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap, men sjølvsgatt talerett. I alle andre årsmøtesaker har styret røste- og talerett.**

Skrivaren har berre talerett.

Valnemnda gjev årsmøtet innstilling på fylgjande verv:

Styret:

Seks styremedlemer med varafolk – blant medlemslag/foreiningane i organisasjonen. To styremedlemer med varafolk– blant dei direkte medlemene i organisasjonen.

Valnemnda gjev årsmøtet innstilling på leiar og nestleiar blant desse åtte styremedlemene.

Valnemnda:

4 medlemer – der *ein* av medlemene er valde blant dei direkte medlemene i organisasjonen.

Eksterne verv: Der Agder Historielag har oppnemnings-/innstillingsrett, kan valnemnda kome med ei innstilling.

Dei tillitsvalde i styret og valnemnda har ei funksjonstid på to år, men vert valde slik at halvparten står på val kvart år. Leiar og nestleiar derimot, vert valde for eitt år av gongen, og veljast såleis kvart år. Valnemnda konstituerer seg sjølv.

I styret og valnemnda skal det vere lik representasjon frå kvart av fylka, og så langt råd er lik representasjon for både kjønn.

Årsmøtet tek stilling til val, årsmelding, rekneskap, budsjett, kontingentendring og eventuelle innkomne framlegg og andre saker styret legg fram.

Agder Historielag skal ha offentleg godkjend revisor.

Val og vanlege vedtak vert avgjort med vanleg fleirtal. Framlegg om vedtektsendring må vere styret i hende minst to månader føre årsmøtet. Styret sender slike framlegg, sakliste, årsmelding og rekneskap ut til medlemslaget seinast ein (-1-) månad føre årsmøtet. Dato og stad for årsmøtet, saman med sakliste, årsmelding og rekneskap skal vere prenta i EGDE minst 14 dagar føre årsmøtet. Kunngjering om at vedtektsendring er årsmøtesak skal skje i Fevennen og Agderposten *ein månad føre – dersom dette ikkje allereie er gjort i EGDE eller per brev til direktemedlemene.*

Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal. Dei same tidsfristane gjeld ved ekstraordinært årsmøte.

TILHØVET TIL LANDSLAGET

§ 6

Årsmøtet handsamar eventuelle saker som kjem frå styret i Landslaget. Vedtekten til landslaget vert fylgt ved representasjon på landsmøtet. Agder Historielag betaler utgifte til landsmøtet for ein utsending, som helst bør vere styreleiaren.

STYRET

§ 7

Styret, som har åtte (-8-) medlemer, tilset skrivar/kasserar og fastset løn og instruks. Ved lik røysting, har leiaren dobbelrøyst. Funksjonstida for styremedlemene er to år, slik at halvparten er på val på kvart årsmøte. Funksjonstida for leiaren er eitt år. Styret kan gjere vedtak når minst fem medlemer er til stades. Styret har ansvar for å leggje fram års-

melding, revidert rekneskap og eventuelle andre saker til årsmøtet for godkjenning.

§ 8

Styret i Agder Historielag handsamar alle typar saker frå både fylka. Styret er samla ansvarleg for dei einskilde vedtak som vert gjort. Styret kan nedsetje **nemnder**/komitéar som spesielt kan sjå på saker i kvart fylke. Innstillinga/arbeidet til komiteen vert lagt fram for styret, og endeleg vedtak vert gjort av styret, som er ansvarleg ovanfor årsmøtet.

VALNEMNDA

§ 9

Valnemnda, som har fire medlemer, konstituerer seg sjølv og vel leiari. Ved lik røysting har leiaren dobbelrøyst. Valnemnda legg fram for årsmøtet framlegg til styremedlemer med varafolk, leiari og nestleiar og tillitsvalde i valnemnda og eventuelle utsendingar til landsmøtet og kandidatar til landsstyret.

OPPLØYSING

§ 10

Laget reknast som oppløyst når to ordinære årsmøte på rad har gjort 2/3 dels fleirtalsvedtak blant dei røysteføre deltakarane. Framlegg om oppløysing av laget må vere styret i hende minst to månader føre årsmøtet.

I fall Agder Historielag vert oppløyst, skal Statsarkivet i Kristiansand få tilbod om arkivet og samlingane til Agder Historielag. Eventuelle midlar går til Landslaget for lokalhistorie, til bruk for lokalhistorisk arbeid på Agder.

— — —

Det som er merkt med **feit skrift** var opppe som sak på årsmøtet våren 2009

Årbok 2007 for Agder naturmuseum og botanisk hage

Eit lite hefte med god papirkvalitet og flotte bilete; slik er Agder naturmuseum og botanisk hage si årskrift frå 2007.

Heftet inneholder tre artiklar og rapportane frå drifta til museet. Den første artikkelen er om «Fugl og pattedyr i Jordandalen» og er skriven av førstekonservator Roar Solheim. Han var saman med ei gruppe ornitologar frå Norden invitert til ei pressereise til Israel for å oppleve fugl i Israel.

Det gjorde denne gruppa til gagns. Eg kan songen «Vesle lerka ho hev det so». Og for å seie som sant er, eg var ikkje klar over alle dei lerkeartane som er til. For Solheim såg markpiperke, dverglerke, flekkdverglerke, topplerke, fjellkalenderlerke, ørkenlerke, mørkhalelerke

og langklopiplerke. Så ingen kan klage på få lerkeartar i Israel. Og alle dei ørnane som var der: steppeørn, småskrikørn, dvergørn, haukørn, slangeørn og fiskeørn. Men kongeørn såg dei ikkje; som underteikna som 10-åring hadde nærekontakt med. Solheim såg eit mylder av fugleartar. Han har skrive ei god framstilling av alt dette yrande livet. For ikkje å gløyme den døde sjakalen som låg i veggkanten. Det måtte vere ein gullsjakal, og dét var det. Nydeleg biletet er med på å løfte framstillinga av opplevinga hans.

Solheim har også skrive den andre artikkelen som han har kalla «Snøuglene som melder fra hvor de flyr». Snøugla hekkar med jamne mellomrom i Finnmark. I 2007 sette han radiosendar på tre snøugler. Og fram kom det kor langt desse uglene flyg. Ei ugle fauk om lag 2300 kilometer på 73 dagar, med ein gjennomsnittfart på 35 km per dag. Eit kart syner kor uglene fór. Imponerande kva uglene klarer å prestere for å hekke i område med nok mat.


Den tredje artikkelen har Per Arvid Åsen skrive. Han skriv om «Hvitpestrot - truet botanisk sjeldenhets i Vennesla». Kvitpestrota står på den offisielle norske lista over planter som er truga av utrydding. I Vennesla vaks denne sjeldne planta på eit område på 55 kvadratmeter i 1975. Dette området var blitt til berre ein kvadratmeter i 2004. Årsaka var tett kratt og grantre.

Rapportane frå dei ulike avdelingane skal eg hoppe over. Men ei avdeling fortener ekstra omtale og det er «Formidlingsavdelingen». Formidlingsavdelinga har utstillingar og undervisningsopplegg for barn. Kvart år har eg vore med klassen min på eitt eller to av opplegga deira.

Opplegga har vore prega av høg kompetanse, god formidlingsevne og inspirerande praktiske oppgåver. Og då er det lett å skjøne at over 8000 barn har fått del i desse opplegga. Kort sagt, opplegga har vore gilde både for elevarne og meg å vere med på. Med dette ei stor takk til museet!

Heftet har gode, klare bilete som illustrasjon til teksten. Til saman er det blitt eit vakkert og innholdsrikt årsskrift.

Leiv Torstveit



AGDER HISTORIELAG

Agders historie

Bind 3: 1641–1723

Dette bindet av Agders historie, skrive av Ingeborg Fløystad, gir ei mangesidig skildring av landsdelen og folket der i eit tidsrom då mykje nytt kom til.

1641 fekk Agder sin første by med grunnlegginga av Kristiansand ved eit kongepåbod av Kristian 4. I 1723 fekk Arendal og Risør også bystatus.

Frå 1600-talet er dei historiske kjeldene mykje rikare enn i tidlegare århundre, og betre enn før får vi kjennskap til egdene og korleis dei levde.


Boka er rikt illustrert.

ISBN 978-82-90575-34-7


Kr 398,- 480 sider

Format: 17 x 24 cm

- *Styring og styringsmenn*
- *Folket*
- *Gardar og gardssamfunn*
- *Det daglege brødet*
- *Skogbruket*
- *Byvekst og handel*
- *Sjøfart*
- *Jernverk og gruve drift*
- *Krav frå stat og styringsverk*
- *Materielle kår: hus og heim, klede*
- *Folket og livsførsla*
- *Undervisning og bokleg kunnskap*



www.medialog.no



Boka kan tingast frå AgderHistorielag, Postboks 136, 4662 Kristiansand.

Tlfon 97 06 44 85 E-post: kontakt@agderhistorielag.no

Stavanger museum årbok 2006

Stavanger Museum si årbok for 2006 vart fullført og utgjeven i 2008. Dei første 62 sidene innehold ei fyldig bedriftshistorie om Stavangerflint AS.

Da bedrifta starta opp i 1949, var namnet Stavanger Fajansefabrikk A/S, og dei produserte bruksservice i engelsk flint. Keramisk flint er eit hardbrent produkt av kvit leire, kaolin, kvarts, feltspat og kalk. Elles kan vi vanlege folk merke oss at «keramikk» er fagordet på alt som er laga av brent leire, frå porselen til murstein.

Stavangerflint AS var ei kjempebedrift med meir enn 300 tilsette, produksjonslokala dekte 14 dekar og varene vart eksporterte til 28 land. Mange av oss kan nok finne at koppar og kar som er sette til sides, er komne herifrå.

I 1979 gjekk Stavangerflint AS saman med Figgjo Fajanse i bedrifta Figgjo AS, og all produksjon vart flytta til Figgjo. Artikkelen er skriven av Jan Gjerde.

Viss du vil lese berre ein artikkel i årboka, da må du bla opp på side 67 og hive deg over «Kem va det så fant på dette tullet?» av Per Inge Torkelsen. Her fortel han levande og

morosamt om korleis Norsk Barnemuseum utvikla seg frå den første «altmoglegsmøllinga» hans i kjellaren heime, til han fekk leige 100 m² i kommunalt hus.

I 1989 kunne samlinga flyttast til Solvang Skole, der 700 m² stod klare til bruk. Da laut han stable på beina eit styre. Han fekk ei

blanding av galningar, seriøse samlarar, kreative kunstnarar, arkitektar og forskarar, nett som han ville.

Det er berre å gje seg over på nåde og unåde. Det er ingenting å vente etter, vi må hive oss rundt, ta turen til Stavanger og rett inn på barnemuseet, som no er ein del av Stavanger Museum i Sølvberggata 2. Kanskje treffest vi der?

Arne Tytlandsvik skriv om korleis Vestlandske Skolemuseum bokstaveleg tala har vakse fram gjennom mange år og magre kår - frå saka vart teke opp på landsmøtet i Norges lærarlag i 1908 fram til den offisielle opninga på St. Svithun skole i 1925.

Mange lokale lærarlag og eldsjeler elles hadde arbeidd med ideane og lagt grunnlaget for at museet skulle kunne bli realisert.

Frå 1. januar 2008 er også skolemuseet ein del av Stavanger Museum.

Stavangerfotografen Julie Lund blir vi gjort kjende med gjennom Gry Bang-Andersens godt illustrerte artikkel. I folketeljinga i 1900 var ho 33 år og registrert som retusjør (gjer små forbeteringar på biletta; fjerning av flekkar og liknande, red. mrk.). I 1902 finst eit prospektkort av Breiavatnet i Stavanger, der Julie Lund har eineretten.

Ho produserte gardsbilete, gjerne med gardsfolka og buskapen på plass, atelierportrett og fotografi av vanlege borgarar. Nokre av negativa er merkte med etternamn eller stadnamn. Men det er vanskeleg å få full greie på alt materialet. Heile fotosamlinga på eit par prospektkort og 320 glasplatenegativ, fekk Stavanger Sjøfartsmuseum overta i 1981.


Artikkelen er verkeleg leseverdig, ikkje minst når forfattaren set biletta og organiseringa av motiva inn i ein samfunnskulturell samanheng.

Kvar artikkel har eit kort samandrag på engelsk til slutt.


Årboka har 160 sider. Dei siste 30 sidene inneheld årsmelding og rekneskap for året 2006.

Kan vi vente oss årbok 2007 til hausten i år?

Magnhild Rygg



STURLA ERTZEID KÄSERER



Møt den unike forteljaren Sturla Ertzeid

på den flotte dvd-en produsert
av Agder Historielag

Pris: Kr. 150.-

Kontakt

Agder Historielag

på tlf. 97 06 44 85 eller send
e-post til kontakt@agderhistorielag.no
eller post til
Agder Historielag,
Postboks 136
4662 Kristiansand

Bøker frå Agder Historielag

Årsskrift

Nr. 1-65	UTSELD!
Nr. 66-80	kr. 50,-
Nr. 81	kr. 190,-
Agder-bibliografien I og III	kr. 50,-
Bytingsprotokoll for Kr.sand 1670	kr. 50,-
Tingbok for Vestre Råbyggelag 1686	kr. 50,-
Tingbok nr. 1 for Lista (1657-1660).....	kr. 50,-
Odelsmannatalet 1624 for Agder.....	kr. 50,-
Tingbok nr. 1 og 2 for Mandal Sorenskriveri (1677, 1684).....	kr. 50,-

Stortingsmann Ole Fuglestvedt

Uinnbunden.....	kr. 30,-
Innbunden	kr. 50,-

Jon Løyland

Soger og segner. viser og verskr. 175,-

Agders Historie 800-1350

Agders Historie 1840-1920

Agders Historie 1641-1723


350 kroner pr. stykk
eller alle tre for kr. 1000,-. Fraktfritt.

Anetavleskjemaer

Medlemer får 20 stk. gratis. Ordinær pris pr. stk.kr. 1,-

Medlemer får 25 % rabatt ved kjøp for kr. 400,-
eller meir.

Rabatten gjeld ikkje
ved kjøp av
Agders Historie.
Porto kjem i tillegg.



Tinging til

Agder Historielag,

Postboks 136,

4662 Kristiansand

eller

tlf. 97064485

eller e-post:

kontakt@agderhistorielag.no

Flekkerøy historielags årsskrift nr. 9 for 2008

Jeg gleder meg til høsten og årsskriftet fra Flekkerøya. Foreløpig har jeg bare bladd godt i det. Men når sommersola vender sitt kinn mot vinteren og høstløvet faller for å gjødsle en ny vår, vil jeg ta det frem: Flekkerøy historielags årsskrift nr. 9 for 2008.

Kort sagt; de sparsomme timer jeg har tatt i det vel 150 sider store skriftet, varsler lange og gode timer mens høststormene river sjøen opp og sender sine dype cellotoner om husveggene. Gud og Flekkerøya hører på en måte sammen i all slags vær – på en livsbeja-

ende og rett og slett samhørende måte. Det går da også frem av flere av de 23 artiklene som årsskriftet inneholder. Ikke alltid like tolerant, – det er fristende å trekke frem klassikeren fra bryllupet i Kanan, da Jesus ble provosert av sin mor til å gjøre vann til vin: «Jau, me veid det, men æ kankje sei at mi lige det no særlig.» Men ellers... Det er grobunn i Flekkerøyfolkets tro. Og humor og sang. Nei da, denne historien er ikke nevnt, så vidt jeg kan se - det er bare en folkemunnens klassiker på våre kanter. Men det er noe i den.

Jeg skal i denne omtalen ikke røpe så mye. Men ett: Her er timer av opplysning, av kunnskap og klokskap, av dramatikk og hjertevarme, skrevet av folk som vet hva de skriver om. Redaksjonsutvalget må ha hatt noen ettertenksomme, men hyggelige timer når de har vurdert manuskriptene til innholdet i årets årbok. Og redaksjonen består av Magnhild Sørensen, Arve Arrestad, Nils Ingvald Nilsen og Roald Karlsen, med Arrestad som redaktør - i alle fall er det han som har skrevet forordet - og disse damene og herrene ønsker med dette skriftet å presentere noe av Flekkerøy-folkets gjøren og laden gjennom tidene. Det gjør de da også så til de grader.

Jeg har bladd frem og tilbake noen timer. Det har gitt meg inspirasjon: Jeg må i løpet av høsten og vinteren få tak i og lese flere av Flekkerøy Historielags skrifter. Du er ikke kristiansander - ikke engang sørlending - om ikke Flekkerøya har en viss plass i ditt hjerte. Den behøver ikke være prangende, men det finnes likevel alltid en liten åkerlapp med frodig groe der inne, hvor Øya har sin plass. Enhver fisker langs kysten fra Hvaler til Egersund, kanskje helt opp til Vardø og Kirkenes, kjenner fiskerne fra Flekkerøya. Eller frakteskipperne og deres mannskap opp gjennom før- og etterkrigsårene. Tenk bare på gamle «Lindebø» - 23 fot med en 60 hesters Bolinder og tre køyeplasser - denne hvite svanen av ei frakteskute i stykksgods- og siden i



sementfart, og illegalt over Nordsjøen under krigen. Ordet Lindebø vekker også vage tanke om Tores tante Adelaide i Gabriel Scotts «Alkejegeren». Slik henger ting sammen. Vi har alle våre minner fra barndom, fra ungdom og voksen alder som på forunderlig måte er knyttet til Flekkerøy, selv om du er fra Skipergåda eller Lund.

Jeg er så heldig å tilbringe det meste av året på Krodden. Det er Indre Fleckeroe det! Her kan jeg se over til den forgjettede ø i vår sørlandske kulturhistorie, bare skilt av Vestergabet. Her skal jeg i høstens lange timer lese om «Monsøy» som gikk i fraktefart langs kysten fra Fredrikstad til Flekkefjord, om «Agder»; jeg hadde selv gleden av å kjøpe «livbåt-prammen» til – var det «Agder II»? – med en firehesters påhenger av en Nilsen i Lakseviga - da jeg flyttet tilbake til Kristiansand i 1975.

Men bort fra det personlige: Nå har jeg alltså et tyvetalls artikler å glede meg til, skrevet av forstandige mennesker med kjærlighet til sin øy, godt illustrert med bilder av båter

og hus og begivenheter og personer. Bare historien om «Fem kasser tyttebær er ankommet», om fem ungdommer som dro fra Ytre Lindøya til Lindisfarne - den hellige klosterøya på kysten av Skottland – i november 1941; utrolig engasjerende lesning! Jeg sier ikke mer. Les selv. Les om «Flekkerøyværinger i slaget ved Sjællands Odde» og hva los Peder Jakobsen fortalte i et lite selskap den 9. februar 1879. Les om tyskernes inntog på øya under krigen, om festningsanleggene. Om Gråfjellet og Belteviga. Les...

Jeg har ikke hatt tid til å lese så mange av historiene ennå, men jeg vet at jeg har mye å glede meg til når solen vender sitt kinn mot vinteren og det knitrer av hygge og velvære i peisen. Da får været være som det være vil. Da får historiene fra Flekkerøy glede mitt hjerte og sinn, og forhåpentligvis gjøre meg litt klokere enn jeg er i dag.

**Krodden i juli
Per Gundersen**

17. mai i Landvik

Landvik Mållag og Landvik Historielag samarbeidde om ein skikkeleg god, gamaldags 17. mai-fest med diktopplesing, kåseri, lotteri, kjempegod mat og musikkinnslag/-underhaldning. Slike festar er sjeldan vare i dag.

Denne typen 17. mai-fest har Landvik Mållag og Landvik Historielag stelt til i 9-10 år, og vel 70 menneske storkoste seg den kvelden. Slik ein 17.-maifest stod skulen, kommunen og 17.mai-komiteen for tidlegare, men ebba diverre ut for 20 år sidan.

Den premierte felespelaren Øystein Rød gjorde festen fullkommen med sitt felespel.

FRAMHALD NESTE SIDE





Folk strømmer på til triveleg 17. maifest i Landvik av det gode, gamle slaget.

FRAMHALD FRÅ FØRRE SIDE

Terje Sandkjær, leiaren i Landvik

Historielag, opna festen og ynskte velkommen. Han fekk god hjelp av leiaren i Landvik Mållag til å leie kvelden, som tilfeldigvis var kona Astrid Stuestøl Sandkjær. Nydeleg diktopplesing av Kari Andersen Tønnevold sette ei god ramme for festen, der tilhøyrarane

mellom anna fekk «Såmannens salve» og «Når sol går ned».

Så entra Bjarne Bjorvatn podiet, og salen fekk tre kvarter kåseri om alt frå språklege, lokale fenomen i Birkenesdialekten til bygdeoriginalar med hang til å bryggje øl i støvlane. Det vart sagt at ein av dei gjekk 6 km. for å gjere meir enn å pisse (han hadde ikkje utedo, ein gong)! Vidare fortalte han at økslingslære

Eit utruleg lekkert koldbord vart det av all maten folk hadde med seg.



(seksualkunnskap) var noko både lærarane og foreldra var imot. «Dermed gjekk ungane ut av folkeskulen like uinformerte som foreldra gjorde. – Det er eit under at det vart ungar!» Kåseriet var av det verkeleg fornøyelege slaget og samla mykje lått.

Heile festen er bygd over spleiselesten, så alle som kjem, har med seg eit fat med mat kvar. Etter ei god matøkt med eit bugnande koltdt bord, var det tid for lotteri og musikk. Sistnemnde stod den premierte felespelaren Øystein Rød for. Han gav til beste bruremarsj etter Haldor Rød, «Trulseguten» (halling), «Bjølleslatten», «Fagert er landet» med fleire. Dessutan fekk me høyre fleire eigenkomponerte slåttar, til dømes «Vårloysing», òg kalla «Vårvalsen», ein type slått som går frå moll til dur.

Sjølv sagt var det allsong med opptil fleire fedrelandssongar på ein slik kveld. –For eit flott program! –Dette er noko anna enn å sitje å surfe på nettet!

– Me plar ha noko internasjonalt på programmet, mellom anna har me hatt kurdarar med oss tidlegare, men det fekk me ikkje til i år, seier tilskipar Astrid Stuestøl Sandvik.

– Me plar òg å vere i forsamlingshuset vårt som heiter Landvik Bygdehus, men det hadde me heller ikkje høve til i år. Landvik



Bjarne Bjorvatn gav eit artig glimt frå gamle dagar med sitt humørfulte kåseri om bygdeoriginalar, dialeksærtrekk og ymse


Bygdehus er eigentleg dei gamle banklokala som bygdekvinnelaget, historielaget, mållaget og rekneskapslaget kjøpte saman for 600.000 kr. Dermed redda me huset – og laga fekk ny inspirasjon av det gode samarbeidet.

– Dette kan me oppmøde lag og foreiningar andre stader til å gjere òg, smiler ho til slutt.

Tekst og foto: Borghild Løver

I Landvik seier folk at mållaget er gift med historielaget – og det er sant, bokstaveleg tala: Terje Sandkjær er leiar i Landvik Historielag og kona Astrid Stuestøl Sandkjær er leiar i Landvik Mållag.





Liv og Lagnad i Landvik - Bind I Forhistorisk tid

Eit ruvande storverk

**Nær femti år er gått sidan
Landvik fekk gards- og ætteso-
ge. Fyrst på 1960-talet kom
Johan Tveite med banda Gard og
ætt og Ætt og odel. No har
Landvik historielag gått eit steg
vidare og gitt ut fyrste bandet i
ein bygdebokserie, ei kultursøge
for bygda.**

Forfattar er Johannes Havstad, og dette fyrste bandet dekkjer utviklinga «frå dei eldste tider», frå den gongen fjella vart til, og fram til og med Vikingtida. La oss seie det så sterkt me kan: Dette er ei heilt utruleg innhaldsrik, 40

velskriven og velutstyrt bok. Tekst, bilete, tabellar og andre illustrasjonar fungerer saman, og bileta er mange i tal, skarpe og illustrerande.

Liv og Lagnad i Landvik ligg på eit høgare nivå enn det som er vanleg i lokalhistorisk litteratur, og det er sjølv sagt spesielt imponerande at Havstad har greidd å gje oss ein så omfattande lokal dokumentasjon av den tida som ligg i forhistorisk mørke. Det er bare å håpe at han ikkje med denne boka heilt tek motet frå andre som prøver seg på å skrive lokalhistorie

Boka er skriven av ein person med solid naturfagleg kompetanse – og ber merke av

det. Gjennom heile boka brettar Havstad ut for oss det intime samspelet det er mellom natur og livsgrunnlag på den eine sida og miljø, kultur på den andre. Me gjev ordet til forfattaren sjølv: «Kultur er eit mangslungent begrep som ikkje lar seg fange inn i ein definisjon. Her vil vi ta utgangspunkt i at kultur blir til der menneske møter natur». Dette utgangspunktet er eit prinsipp Havstad styrer etter gjennom alle dei nær 650 sidene boka er på.

Me er ikkje i stand til å gje eit innhaldsreferat som yter boka rettferd. Me kan bare ta ein del tilfeldige dykk ned i den kjelde til kunnskap og innsyn boka er. Forfattaren opnar med å ta oss med bakover dei millionar av år til den gong fjellkjedene blei til og bergartane omforma. Me vandrar gjennom tertæråd og kvartæråd. Me les om Herefossgranitt og Fjæregranitt, og blir gjort kjende med grensene for kvartsittområda. Me lærer om pellittisk gneisområde og tonalittisk gneisområde. Og poenget for Havstad er å gje oss innsyn i korleis fjell, dalar og tverrdalar i Landvik er blitt til.

Med lange steg tek så Havstad oss med fram til istida, til den siste av istidene, til den isen som i møte med eit varmare klima begynnte å trekke seg attende for 15 000 år sidan. Boka fortel detaljert om landskapsminne frå istida. Isen skura fjella, tok med seg lausmasse og la etter seg morenar som blei grunnlag for voksterliv og etter kvart folkeliv. Detaljane er mange, og ingen krok av Landvik er gløymd, og jordsmonnet, naturgrunnlaget, nøye omtala. Me les om den marine grensa, om havet som seig og landskapet som steig i den tida då mennesket kom til Landvik, i Den eldre steinalderen.

Me blir førde inn i klimaperiodane i Eldre steinalder, Preboreal tid (8000–7000 f. Kr.), Boreal tid (7000–6000 f. Kr.) og Atlantisk tid

Liv og Lagnad i Landvik



Bind 1
FØRHISTORISK TID

LANDVIK HISTORIEÅV

(6000–3500 f. Kr.). Me les om tre og planter som tok landskapet i eige og om eit voksterliv og eit dyreliv som tilpassa seg klimaet. Og i dette samspelet mellom klima, vegetasjon og dyreliv fann også dei fyrste menneska i området sin plass. Dei var ikkje stadbundne, men omflakkande nomadar på vandring dit naturen la forholda best til rette for å overleve. Havstad dokumenterer alle steinalderlokalitetar som er avdekka i Landvik, og boka inneholder ei mengd bilete frå flintfunn og funnstaider. Han fylgjer kystlinene på ulike tidspunkt - og gjer sine funn.

Men forfattaren nøyser seg ikkje med det. Han samanliknar med noverande naturfolk og drøftar korleis livet måtte vere for steinaldermennesket, livberging, matlaging. Han drøftar folketal og han drøftar religion, og han slår til med fylgjande påstand: «Meir enn nåtidas

FRAMHALD NESTE SIDE

FRAMHALD FRÅ FØRRE SIDE

klokkestreng-individ grubla steinaldermennesket over dei evige spørsmåla»,

Havstad fører oss så over i yngre steinalder (3500–1800 f. Kr.), ei turr og varm tid, og perioden ber overskrifta Bondesteinalderen i Landvik. Som overskrifta fortel, var det i denne perioden jordbruket blei ein del av livsgrunnlaget, først som attåtnæring, som supplement til fangst og jakt, og seinare som hovudnæringskilde. Havstad meiner Tromøy, Fjære og Landvik peika seg tidleg ut som kjerneområde for landbruk. Husdyra kom ved inngangen til Yngre steinalder, men kornet kom først 1400 år seinare, les me. Den nye jordbruksøkonomien la grunnlag for nyorganisering og nye maktstrukturar, meiner Havstad.

«Landvik var ein del av den nordiske bronsealderen» skriv Havstad, og fortel om bronsealderfunn som blir omtala som sensasjonelle, ei skaftholøks i bronse og det såkalla Reddalssverdet. Elles meiner han me i bronsealderen fekk faste jordbruksområde med langhus langs fastliggjande tun - «stabile busetnader som gav grunnlag for eit fast organisert samfunn». Alt før metallalderen meiner forfat-



Hestesko og try fra Hørte. I jernalderen fekk hesten jernsko på hovene, og try når dei drog lass på vinterføre.

taren det var gardliknande busetting på fire område langs Landvikfjorden, og over tolv sider drøftar han kva område – seks i talet – der ein i Bronsealderen hadde fast busetnad i Landvik. Havstad dreg såleis grensa for den faste busetnaden fleire hundre år lenger bak-

Gull- og sylvsakene i slemmedalskatten.



over i tid enn det i alle fall under-skrivne har rekna med.

Forfattaren avlivar også teorien om ei brå klimaforverring ved inn-gangen til jernalderen (ca. 500 f. Kr.). «Det blei gradvis kjøligare,» skriv han. Varmekjære treslag blei trengt tilbake, og me fekk avsko-ging langs kysten som eit resultat av aukande husdyrbeiting. Ved inn-gangen til Jernalderen nådde nye kulturimpulsar norske strender via keltarane, som truleg var dei som lærde oss å foredle myrmalmen til klingande metall.

Havstad fører oss så inn i Romartid (0–400 e. Kr.), då jernvin-na utvikla seg til ei blømande næring. Landvik blei ikkje eit sen-tralt område for myrmalmprodu-sjon. Men Havstad gjev oss like fullt ein grundig gjennomgang av jernvinneprosessen og dei spor ein har etter jernvinne i Landvik i «jord og ord».

«Busettingsutviklinga i jernalde-ren» dekkjer 120 sider. Forfattaren går gjennom bygda frå gard til gard, frå kyst til fjell, og fortel detaljert om alle forminne, dei lause og dei faste. Kolgroper, gravrøyser, grav-haugar, kort sagt alle forminne, er detaljert plasserte på Landvik-kartet. Forfattaren drøftar kva stad-namnskatten kan fortelje og tolkar busetnadsutviklinga i jernalderen ut frå eksisterande gardgrenser.

Me får detaljert gjennomgang av kva Tinghaugen og andre haugar gøymde - eller gjømte, som Hav-stad skriv på den Landvik-farga ny-norsken sin. Alt er illustrert med ei imponerande bilet-mengd.

Havstad tek oss med til bygde-borga på Klomreheia og til det største gravfel-tet i Landvik som ligg på Skiftenesmonen. Turen går så til Øvre Landvik, der me blir kjende med beltesteinane på Stalleland og vete-haug og funn av vikingsverd på Hardeberg.

Dei siste 120 sidene har overskrifta Liv i



Hengesmykke i forgylt sylv.

Landvik i jernalderen. Innhaldet røpar eg ikkje. Du må skaffe deg dette historiske stor-verket og sjølv lese kva Havstad skriv. Mange ser nok fram til neste band. Lista er lagt høgt.

Tekst: Olav Arne Kleveland
Foto: Frå Årboka

Årbokarbeiderens ABC

En veiledning i årbokutgivelse

Her har Kjell Haugland laga ei lettfatteleg og super oppskrift på korleis ein kan lage årbok eller årsskrift. Det er rett og slett lurt å lese denne boka først!

Det aller fyrste tipset han kjem med, er at det er smartare å variere temaet i boka enn å køyre eitt tema i alle artiklane. Særleg to grunnar er tungtvegande i så måte; det vil utan tvil femne fleire lesarar, – og det er enklare å samle stoff til boka. Det tyder likevel ikkje at ein skal samle stoff ukritisk; tilrådinga går heilt klårt på at dikt og prosa/skjønlitteratur ikkje høyrer heime i ei tradisjonell årbok.

Boka viser til ulike stader det går an å finne lokalt stoff, til dømes i gamle reisedagbøker, – som vert grundig presentert i tobandsverket «Utlendingers reiser i Norge» av Eiler H. Schiøtz. Tingbøker og gamle aviser har sær mykke artig lokalhistorisk stoff. Då er det viktig å ikkje bruke for lange sitat, og helst forklare

ord og uttrykk som er ukjende for folk flest. Ver dessutan tydeleg på kva kjelder du har bruka. Men lat vere å prente stoff som nyleg har vore publisert i andre årbøker eller aviser; det er i grunnen sløsing med plass, rår Haugland.


Ei årbok med få eller ingen bilete, er klårt mindre leseverdig enn ei med. Forfattar Haugland åtvarar sterkt mot å kopiere bilete frå nettet og leggje dei direkte inn i årboka. Opphavsretten må fyrst klårgjerast; namnet på fotografen evt. institusjonen biletet er henta frå, må kome fram, i tillegg til at ein må innhente løyve til å publisere biletet. Her vil eg gjerne sitere frå boka: «Åndsverkloven setter klare begrensninger når det gjelder nyere kunst og litteratur. Dersom det er gått mindre enn 70 år etter opphavsmannens dødsår, kan vi ikkje bruke verket utan tillatelse, og vi må normalt betale et vederlag. Men når denne vernetiden er utløpt, er både tekster og illustrasjoner ‘fritt vilt’». Men du kan godt ta eit bilet frå ei bok eldre enn 70 år og skanne biletet sjølv. Dersom du nyttar eit opptrykk av boka frå seinare år, stiller det seg annleis, då må ein skaffe seg løyve frå utgjevaren.

Trykte kart er det ulovleg å ta kopiar av – med mindre dei er frå tida før om lag 1950; då kan du fritt bruke dei. Haugland listar opp fleire nettstader det er mogleg å hente/finne bilete – til stor hjelp for urøynde årbokforfattarar.

Om arbeidet i redaksjonen, har han òg klåre og konkrete råd; me ramsar opp dei viktigaste:

- Ein person bør ha totalansvaret (redaktøren)
- Injurierande og/eller krenkande fråsegn bør ikkje takast med
- Kontakt forfattaren på førehand
- Set klår tidsfrist for levering og lengd på dei ulike artiklane
- Set av tid til korrekturlesing
- Faguttrykk bør forklarast slik at ein vanleg lesar kan få med seg innhaldet

Når historielaget vender seg til ulike prentedrifter for å få eit pristilbod, har dei fleire element dei må klårgjere på førehand i høve format, sidetal, papirkvalitet, bruk av fargar, innbindingsmåte og kor stort opplaget skal vere.



Haugland dukkar ned i desse detaljane òg, og gjev greie råd med gode forklaringar på konsekvensen av det eine eller det andre valet.

Sist, men ikkje minst, tek han føre seg sjølv skrivearbeidet og korleis ein får ein enkel, men flott mal på artiklane:

- Hald deg til små bokstavar i overskrifter
- Tankestrek lager du slik: Ordmellomrom +bindestrek+bokstav+ordmellomrom+bokstav Fjern bokstaven og du har ein tankestrek.
- Sitat bør markerast med hermeteikn
- Bruk sluttnotar, ikkje fotnotar
- Lag avsnitt ved å trykke på tasten for lineskift
- Set opp tabellar med tabulator (bruk ein tab. for kvar kolonne) og ikkje mellomromstast
- Bruk stavekontrollen
- Ikkje bruk orddelingsfunksjonen
- Bruk ordteljaren!
- Legg inn ordforklaringer i parentes
- Unngå «sidesprang» frå temaet

- Bryt opp teksten med mellomtitlar – gjerne spenstig formulert!
- Hugs kjeldeoversyn til slutt i artikkelen Nyttige nettstader har han greitt plassert bak i boka, i tillegg til ein 10 punkt plan for redaksjonsarbeidet. Det einaste han kunne ha gjort annleis, var å leve etter regelen om ei spanande overskrift – tippar at til og med «Korleis lage den beste årboka?» ville vere meir attraktiv enn den eksisterande. Men det er ingen tvil; denne boka er til STOR hjelp i årboksarbeidet, særleg for dei som er urutinerte, men eg tippar at til og med dei røynde redaksjonane får med seg eitt og anna nyttig her.

Ta kontakt med utgjevaren av boka,
Landslaget for Lokalhistorie,
på post@historielag.org
eller tlf. 73 59 64 33 viss du vil ha tak i boka.

Borghild Løver

Nære ting fra en fjern fortid

Boka er skiven av Håkon Glørstad og gjeven ut på Universitetsforlaget i Oslo; tlf. 24 14 75 00.

Boka gjev eit rikt bilet av historia vår gjennom steinalderen. Forfattaren har teke for seg den delen av historia vår som ligg skjult under jorda, og som arkeologar grev fram når nye prosjekt gjev krav til dette. Dette er ei faktabok, som er rikt illustrert med bilete og tekst av verktøy og busetnader. Ho gjev ei kjensle av at historia som var for fleire tusen år sidan framleis hev mange spor etter seg rundt om i landet, og som er ein del av vår arv – til glede og forundring for oss alle.

Du får eit innblikk i korleis dei jakta og budde i tida kalla «steinalderen», dvs. tidsrommet frå om lag 11.000 år sidan og fram til bronsealderen byrja for 3500 år sidan.

Dei arkeologiske resultata som har kome fram i Noreg dei siste 10 åra, er tekne med i boka. Som lesar med innlandet som heimstad er eg godt kjend med utgravingar; min heimby Hamar får stadig besøk frå arkeologar, og fleire av desse funna er godt illustrert i boka. Det



er særstakt interessant å få vite korleis folk budde og levde i eldre dagar, særskilt «Nøstvetkulturen» som busetnaden på austlandet blei kalla.

Som interessert historielesar var det ikkje vanskeleg å få eldhug for boka; og for alle som meg er ei slik faktabok gull verdt.

Eivind Ruud

Eventyrlige Lilly

Boka om eventyrlige Lilly er den andre boka om Lilly Tånsberg og mannen Torvald Tobiassen Tånsberg (den fyrste kom i 1997), og har form som ein biografi, utgjeven på Lunde Forlag.

Lilly var nummer fire i ein syskenflokk på seks på Langøy, og er frå Kollevoll i Lyngdal. Mor hennar døydde då ho berre var 9 år, og det har sjølv sagt gjeve ho ei erfaring som har prega ho. Faren tok det særstungt, så Lilly kompenserte for situasjonen ved hjelp av fantasi. Ho tok tidleg standpunkt når det galdt kristne verdiar, og verva seg som soldat i Frelsesarmeén i Farsund. Etter ei tid på krigsskulen, kom ho attende til Langøy og møtte kvalfangaren Torvald der, noko det vart bryllaup og eit langt samliv av.

Paret hadde ein open heim og tok seg av 6–8 fosterbarn meir eller mindre heile tida; totalt 70 ungar har fått ein trygg barndom hjå dei slik. Lilly var alltid engasjert – anten det var som leiar av Spind Husmorlag, Vest-Agder krets av Husmor forbundet eller volontør (friviljug arbeidar) i kibbutz i sitt kjære Israel. I løpet av livet har ho vore på eit utal reiser, men den viktigaste ho gjorde, var utan tvil den i 1967, då ho for fyrste gong kom til Israel og fekk vere ved sjømannskyrkje og kibbutz der. Så glad vart ho i Israel at ho oppretta eit gjestehus for kibbutzarbeidande skandinavar i Haifa kalla «Beit Skandinavia» i 1980.

På 80-årsdagen i 2008 fekk ho mykje heiðer for sitt engasjement, og vart overrekt både Kongens fortjenestemedalje i gull og fekk innføring i «The Golden Book» (Den Gylne Boka). Sistnemnde er ein særskilt, israelsk

heider, som berre to nordmenn før ho har fått. Ho vert skildra som ei sprek dame med ein tyreste for livet og det å møte andre menneske og kulturar med ope sinn. Dette er viktige haldningar; det må tyde at hovudpersonen også ser palestinaraane og heile den kompliserte situasjonen i Midt-Austen; ikkje berre ei side av han.

Forfattar Berit Jernæs Lohne kunne med fordel ha bruka nokre færre sider på denne 80-årsfeiringa i den totalt 111 sider innholdsrike boka; men det er ei utruleg lettlesen og nær bok som teiknar eit veldig godt bilet av Lilly Tånsberg, der særleg skildringa av det harde livet i åra før, under og etter krigen er eit viktig bidrag til historia. Ho har absolutt lukkast med dette skriveprosjektet, og boka vil garantert glede mange leسارar. Boka får du lett tak i på www.lundeforlag.no.

BERIT JERNÆS LOHNE

Eventyrlige Lilly




Kvinesdal Historielag

Årsskrift 2009

Kvinesdal Historielag sitt årsskrift er på heile 190 sider og inneholder 19 artiklar om ulike tema. Imponterande at laget har fått fram så mykje stoff både i ord og bilet. Men noko av forklaringa kjem fram når eg såg på medlemslista. Truleg er Kvinesdal Historielag det laget med flest medlemmer i heile Agder.

Utruleg godt gjort å få så mange med og ikkje minst alle dei medlemmene som har flytta ut or bygda. For laget har heile 12 medlemmer i Amerika, noko som streka under kontakten mellom Kvinesdal og USA. Klart kjem dette fram i artikkelen «Fra laksefiske i Kvina til Colombia River: Olsen Street i Chinook», skriven av Johan A. Aarli. Aarli skriv om ein amerikansk soldat, Carl Clark, som var stasjonert i Europa. Clark visste at slekta hans kom frå Kvinesdal. Han tok toget frå Oslo og på reisa kom han i snakk med ein annan amerikanar frå Kvinesdal. Mannen sa at Clark burde gå til familien Aarli fordi dei hadde god greie på historie og slekter.

Clark fekk vite om slekta si, og han knytte nære band til familien Aarli. Dei har sia hatt god kontakt med kvarandre. Derfor kunne Johan A. Aarli besøke Clark i Seattle. Det er opplevingar og informasjon frå denne vitjinga som er grunnlaget for artikkelen. Her får me møte Olsen Street og laksekjer i Baker Bay. Laksekjer var ein fangstmetode ein nytte for å fange laks i Kvina. Kjeret er ei



kasse som laksen kan kome inni, men ikkje utav. Fangstmetoden var så god at ein mann med fem kjer fanga 6000 kilogram laks på ein dag. Verdien av laksen var på om lag 400 dollar. Eit fiskeeventyr!

Eit eventyr er også livet til Ståle Kyllingstad. Ingvar Olimstad har skrive ein artikkel

FRAMHALD NESTE SIDE

om han. Kyllingstad mista mor si då han var seks år gammal. Faren gifta seg igjen. Heile familien flytta til garden Kyllingstad på Jæren då Ståle var 12 år gammal.

Gnisten til å bli kunstar fekk han truleg i barneåra. Då såg han at faren skar dyr i tre. Og som mange andre kvindøler, var Ståle nokre år i Amerika. Der arbeidde han og utvikla seg som kunstnar. Kyllingstad fekk oppdrag og skapte mange skulpturar. Skulpturane i granitt hogg han til sjølv. To av dei er i Kvinesdal. Det er «Minnestøtta over dei falne i Kvinesdal» og «Tjodolf frå Kvine». Olimstad har levert ein velforma og innhaldsrik artikkel.

Odd Salen har skrive kort og godt om Marcelius Førland. Førland utdanna seg til kunstmalar. Og sjølvsagt var han også ein tur i Amerika før han sette bu på Utsikten. Førland har malt alterbiletet som heng i Kvinesdal kyrkje. Og det er godt gjort av Kvinesdal å

vere sjølvhjelpte når dei ville ha minnesmerke og altartavle.

Eg burde ha fortalt litt frå alle dei 19 artiklane, men det har eg ikkje plass til. Her skal eg berre sneie innom to til. «Anders Tønnessen dagbok fra 1846–1847» og «Ond og hel besværlig. Kongeveien og postveien gjennom Kvinesdal». Anders Tønnessen gjekk på seminaret i Holt. Han brukte fire dagar for å nå heim til jul. Posten brukte tre til fem døger på landevegen mellom Kristiansand og Stavanger i 1780-åra. Me klagar over därlege vegar i dag, men det var endå därlegare i gamle dagar.

Og gamle dagar kjem klart og tydeleg fram i årsskriftet til Kvinesdal Historielag.

Levande og godt fortalte artiklar, krydra med gode bilete som det har vore ei glede for meg å bli kjend med.

Leiv Torstveit

Mange kvindølar kjøpte på 1950- og 60-talet bil i USA og tok den med heim til Kvinesdal. På biletet ser vi Nils og Marie Eiesland i Brooklyn med sin nye røde og kremgule Chevrolet 1955-modell. Denne bilen blei seinare kjøpt av ein rogaleding, og er framleis å sjå på veteranbilstreff.

(Biletet er frå árboka)



Vellukka vestlandstur:

Sogelagsferda som heldt meir enn ho lova!

Det var eit imponerande program me vart førespeglia i innbydinga til Vestlands-ferda 21.-24. mai i år: Jernvinnemuséet på Hovden. Røldal stavkyrkje. Fruktbløming i Hardanger. Agatunet. 200 år gamle Utne Hotell. Helleristingar, oppgangssag og båtbyggarmuseum i Jondal. Hardanger fartøyvern-senter i Norheimsund. Sivle-heimen og Stalheimskleivane ved Voss. Flåmsbana og heiegarden Kjeåsen.

Strandebarm, meir enn prosti

Ein skulle tru at dette ville ta pusten frå dei sprekaste og fylle ut alle pausar på ferda, men sanneleg klarte ikkje reiseleiar Olav Arne Kleveland å improvisere ein avstikkar til

Fyrste stopp var jernvinnemuséet på Hovden.

Strandebarm i tillegg. Prostiet fekk me ikkje større kjensle av, men andeleg næring vart det til gagns i den gamle doktorgarden på Tangerås. Der voks diktaren Hans E. Kinck opp etter å ha tilbrakt dei fyrste leveåra på Frøysnes i Setesdal. Far hans, distriktslækja-ren, var òg ein framståande kunstnar, både som målar og fotograf, og i tillegg hadde han mange historisk interessante nedteikningar om folkeliv og helsetilstand i Setesdal og Hardanger. Huset er pussa opp av ein lektor frå Lillehammer, som òg hadde bygd opp ei løe i middelalderteknikk - til festlokale!

Kultur = distriktsutbygging

Jernvinnemuséet på Hovden er bygt over autentiske, oppgravne blestergraver som for

FRAMHALD NESTE SIDE



HI PARIETES ANNIS
1916-17 SUBSIDILS
REI PUBLICÆ
COMMUNISQUE
RENÓVATI SUNT

R
1917

Frå altertavla i Røldal stavkyrkje.

Folkedraktutstillinga på Agatunet.



FRAMHALD FRÅ FØRRE SIDE

over 1000 år sidan forsynte mykje av Nord-Europa med jern. Bykle kommune var tidleg ute med automatisk taleinformasjon, men dette virka diverre ikkje plent no. Røldal kyrkje har på nytt fått funksjon som endemål for pilgrimsferder frå Hovden og Telemark, men for oss var det i alle høve ei stor historisk oppleving. Agatunet i Hardanger er noko så sjeldan som ein norsk landsby, med hovdingsete heilt attende til 1100-talet. I Jondal kommune hadde både reiseleiaren og underteikna budd og kunne fortelje frå. Omvisaren på båtbyggarmuséet i Herand kunne overraske meg med å fortelje at bror min Gudmund hadde teke initiativet til museet då fleire gamle båtbyggjarar la inn årene for 10 år sidan, elles hadde alt utstyr blitt spreidd for alle vindar. I Herand finn ein merke etter folk fleire tusen år tilbake, mellom andre svært spesielle helleristningar. Då omvisaren ikkje ville ha betaling, gjekk hatten rundt for å stø opp om eit spennande kultursenter som skal gje den vesle bygda Herand ei vitamininnsprøyting og gjere det spennande å flytte dit og bu der. Det skulle vere moro å kome att om eit par år.

FRAMHALD NESTE SIDE

Smalahovud er ikkje for pysar.





*Fleire av turdeltakarane sette
stor pris på smalahovud.*



Ærverdige Utne Hotell var ein av overnattingstadene.

Frå Hardanger fartøyvernemuseum.





Reiseleiар Olav Arne Kleveland i godt selskap med eigaren av garden Kjeåsen, Bjørg Wiik.



Deltakarane budde som grevar, m. a. her på Fleischers Hotell.

FRAMHALD FRÅ FØRRE SIDE

Smalahove – også for sørlanders

Endå hadde me ikkje fått oppleve ein viktig del av Vestlands-kulturen, nemleg maten! Reiseleiaren hadde ikkje tort å tinga anna enn vanleg kjøt og fisk til konservative og forsiktige sørlanders.

Men då eit årsmøtet gossa seg med smalahove (suaeandlet), tok 10 av sørlanders mot til seg og fekk servert det same. Til stor overrassing for somme, var det ikkje berre ei kulturell oppleving, men ei delikatesse! Neste dag fekk me treffe vestlandssauen i sitt rette element, høgt oppe i fjellsida over Eidfjord, på Kjeåsen, ein av dei stadene «der ingen skulletru at nokon kunne bu». Dit kom ei Oslo-jente for å ta seg av ei gammal tante, og ho lika seg så godt at ho framleis bur der åleine med sauene sine. No er det rett nok kome ein anleggsvag i tunnel opp til garden, tunnelen er så smal at påboden køreretning skiftar

FRAMHALD NESTE SIDE

kvar halvtime! Ei endå større samferdsleoppleving var sjølv sagt Flåmsbana, som berre må opplevast!

Fullteikna tur

I fjor hadde Agder Historielag berre tilbod om eit dagsprogram på Næs jernverk og Holt kyrkje. Arrangørane var i år truleg spente på om det ville bli mange nok påmeldingar til ein firedags tur. Det synte seg at det slo til og vel så det, og nokre personar enda opp på venteliste, særleg var det avgrensa kapasitet på det gamle Utne Hotell. Det var såleis synd at ein ikkje fekk fylt opp bussen heilt. Men alle som var med, var svært nøgde med alt dei

hadde fått oppleve på ferda, og Olav Arne Kleveland fekk mykje velfortent ros for det flotte opplegget. Fritz Fredriksen fekk òg takk som omvisar i Voss og muntrasjonsråd i bussen. Ole Gautestad frå Risdal Touring fekk honnør for fin køyring – serleg imponerte han ned dei bratte og smale Stalheimskleivane.

Det er all grunn til å la ein slik lengre tur bli ein tradisjon heretter, og då høver jo Helgetorsdags-helga (Kr. Himmelfart) framifrå. Slike turar kan òg vere gode høve til å verve nye medlemer til Agder Historielag.

Tekst: Vidar Toreid (nyteikna medlem på turen)

Foto: Johannes Hamre


Majestetiske Låtefoss.





Huldra var på plass ved Flåmsbana, utan av nokon var bergtekne.

Frå Tvinde.





Industrihistorie ved Tysse.

Vakkert utsyn frå Kjeåsen





Flekkerøy før og nå.

FOTO: AUGUST ABRAHAMSSON, VEST-AGDER-MUSEET,
OG ARVE LINDVIG

Fotoseminar
Søgne gamle prestegård
10. oktober 2009

«Mer enn ord

– Foto som kulturminner»



«Mer enn ord

- Foto som kulturminner»

I kulturminneåret 2009 har prosjektet Digitale Bilder i Vest-Agder gleden av å invitere til et spennende dagsseminar på **Søgne Gamle Prestegård**.

Hva er et kulturminne? Kulturminneloven definerer kulturminner som alle kjente spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø. Kulturminner blir levende når vi får kunnskap om minnene og historiene rundt dem.

Mange fysiske minner har forsvunnet, og kan i dag bare oppleves gjennom bilder. Derfor er bildene så viktige. Kjente og ukjente motiver fra by og land har gjennom årenes løp blitt forandret. Landet bygges, og landskap gror igjen. Derfor er det så viktig kunne bevare minnet om hvordan de hadde det før oss.

Gjennom iherdig jobbing av medlemsinstitusjonene har vi pr. i dag fått etablert et nettsted (DBVA.no) som kan vise rundt 23.000 gamle fotografier! – Mange har vært offentliggjort før, men enda flere har vært ukjente for de fleste av oss. Det økte fokus på de lokale bildesamlingene har også ført med seg mer oppmerksomhet på lagring og oppbevaring, noe som igjen har resultert i at bilder har blitt reddet fra å gå i oppløsning.

Digitaliseringsprosjektet, Digitale Bilder i Vest-Agder, (DBVA) er nå inne i sitt tredje og siste prosjektår. Vi ønsker derfor å rette fokus på samlingen av bilder som er bygd opp, ved å vise smakebiter av det som er tilgjengelig for publikum i dag, og det som vi etter hvert håper skal bli tilgjengelig.

Gjennom seminaret vil vi vise dere eksempler, noen riktige godbiter, på hva vi har funnet i den tiden vi har jobbet med bildesamlingene. Mange store og små skjulte skatter har vi funnet, og en del av disse vil vi få frem på storskjerm på Søgne gamle prestegård. Vi har trukket frem elementer, motiver og historie fra slektsgranskning, jernbanebygging, Setesdal og omegn, kysthistorie, fra New York og Sørlandet – men mest fra Vest-Agder.

Velkommen til et stykke fotohistorie!



Møteleder
Marianne L. Nielsen



Rolf Steinar
Bergli



Bård
Raustøl



Agnar
Merkesnes

Program

- 09.00 **Registrering.** Kaffe og wienerbrød.
- 10.00 Åpning ved møteleder **Marianne L. Nielsen**, direktør ved Vest-Agder-Museet.
- 10.10 **Rolf Steinar Bergli**, prosjektleder for Digitale Bilder i Vest-Agder (DBVA) forteller om driften av DBVA gjennom prosjektpериoden fra 1 jan 2007, oppnådde mål og nytteverdi. Fotokavalkade med godbiter fra digitalt fotoarkiv på over 20 000 historiske fotografier fra Agder.
- 10.30 **Bård Raustøl**, rådgiver ved Interkommunalt Arkiv i Vest-Agder IKS. «Foto i arkiv».
- 11.00 **Pause**
- 11.15 **Agnar Merkesnes**, fra DIS-Vest-Agder. «**Bilder i slektsprogram.**» Om bilder, bruk av bilder i slektsprogram, og nyten av å kunne søke etter bilder i et digitalt persongalleri.
- 11.35 **Olaf Ingebretsen**. Lokalhistoriker. Fotografier fra byggingen av Sørlandsbanen 1932–1944.
- 12.00 **Lunsj**
- 13.00 **Leonhard Jansen**, konservator fra Setesdalsmuseet, forteller om fotoskatten som er bevart etter vår lokale «Wilse», August Abrahamson.
- 13.30 **Pause**
- 14.00 **Siv Ringdal**, etnolog og kulturhistoriker. «**Lapskaus Boulevard.** Innsamling og dokumentasjon av fotografier knyttet til det norske miljøet i Brooklyn.»
- 14.30 **Jo van der Eyden**, direktør ved Lindesnes Fyrmuseum, «**Havnemiljø og fotodokumentasjon**» – om den maritime fotohistorien langs Sørlandskysten.
- 15.00 **Fremtidsplaner** når prosjektpériode skal endres til fast drift. ved **Marianne L. Nielsen**.
- 15.15 **Oppsummering og avslutning** ved **Per Olav Torgnesskar**, fra ABM-Utvikling
- 15.30 **Slutt**



Olaf
Ingebretsen



Leonhard
Jansen



Siv
Ringdal



Jo
van der Eyden



Per Olav
Torgnesskar

Påmelding/pris

Prisen for kurset (inkl. lunsj) er kr. 400.-.

Meld deg på ved å sende en e-post med navn, adresse og telefonnummer til:

Digitale bilder i Vest-Agder

v/Arve Lindvig

E-post: alindvig@online.no

eller telefon 90 03 66 19 (08.00–15.00).

Påmeldingsfrist 25. september 2009

Bekreftelse på plass vil bli sendt ut i form av giro i uke 40.

Mer informasjon:

www.vest-agderbilder.no

Fra Svendsholmen med Fiskå i bakgrunnen.

Fotograf: August Abrahamsson - Setesdalsmuseet.



Jol i Åmli

Årboka «Jol i Åmli» er eit særsvellukka samarbeidsprosjekt mellom historielaget og mållaget i Åmli. I 2008 var det dessutan 25-årsjubileum for årboka, som difor var tjukkare og meir innhaldsrik enn vanleg.

19 ulike bidragsytatarar har på dei 68 sidene (inkl. reklame) boltra seg med gamle historier, der òg dikt og herme er representert. Men ferskt nyhende er òg teke med; for når noko så viktig kulturhistorisk skjer som at bygda har fått seg lokalavis, kalla ÅmliAvisa, må det sjølv sagt kome fram i årboka. Vidare er det to særskilde trekk ved denne årboka som verkeleg særmerker ho samanlikna med andre årbøker. For det fyrste er det barnesidene midt inne i heftet – med flotte teikningar, vitsar og gåter laga av Nelaug barneskule – noko som gjer at òg den yngre generasjonen får eit forhold til årboka; eit smart grep av årbokkomitéen! For det andre er alle lysingar på rim; og sjølv sagt speglar rima att nett det dei er reklame for, slik som her for Gjøvdal Handelslag:

*Sild og sirup frå tunnor og fat,
før var dette gjøvdalens mat.
I dag he me mykje som høver din gane,
kom og kaup, la det bli ein vane.*

Sjølv om annonsørane er dei same, er det nye rim kvart år, noko som ikkje er like lett etter 25 år, kan Sigrid Bjørg Ramse, ei av årbokslitane, fortelje.

Historiene er krydra med flotte, gamle svart/kvitt biletar, men òg nokre i fargar frå nyare tid. I tillegg er det gode, illustrerande teikningar frå Scott Aanby. Med andre ord ei verkeleg lesarvenleg årbok for store og små.

Artiklane strekkjer seg frå slektshistorie til gamle namn og stader, fiskegarn, skirenn, apekatt (!) og mykje meir. Ein av artiklane som fanga mi interesse straks, var «Ei ung jente frå Åmli og hennar lagnad» av Jorunn Kløvfjell. Biletet av jenta, eller Guro Gundersdatter Granhei som ho heitte, var pirrande; ho ser nes ten skjelmsk på fotografen. Eg kjende ein gong ei dame som reiste over til Amerika og var tenestejente – og eg vart difor nysgjerrig på korleis det eigentleg var å vere der på den tida


rundt fyrste verdskrig. I historia med Guro er det romantikk og kvardagsliv – og me får vite kva som gler og kva som uroar henne. Det gjev oss eit interessant glimt av ei anna tid, ei anna liv.

Ei anna historie eg berre måtte lese med ein gong, var «Apekatt i Gjøvdal» av Kåre Seland. Den kunne gjerne ha vore lengre – skal tru om apekatten rokk å gjere nokre «strekar» før han bukka under i den kalde vinteren?

Å, det er mykje gildt i årboka; Mikkjel Førnhus-gjesting i Gjøvdal, verdsrekord, fiskeoppdrett i Tovdal og mykje meir. Opplaget er på 1500, og dei sel minst 1400 kvar år, så skal du få tak i dette heftet, må du vere om deg! Og skulle du ha vore uheldig, så seier me som Harald Riisland Opprettarverkstad:

*Bulka bilar, ja, kom igjen.
Då er Harald din beste venn.
Han rettar skjermar som er så skakke,
og etterpå vil han dei varleg lakke.*


Borghild Løver



Den store hellerboka for Agder og Rogaland

Ei 350 siders bok om hellerar, det skulle ein tru var lite interessant. Men denne boka innehold så uendeleg mykje meir enn det; her er det eit vell av soger og segner, gamal og ny lokalhistorie – ja, til og med folkeviser, stev og nyare litteratur finn ein i denne juvelen av ei bok!

Maken til flott bok finst mest ikkje! Heile 900 hellerar i Rogaland og Agder er tekne med – og til kvar heller høyrer det gjerne med ei historie – som ofte liknar på historia som høyrer til ein heller ikkje langt unna. Mange av sogene er vandresoger som ein finn att over heile landet. Kvar heller er i boka merkt med inga, ei, to eller tre stjerner - der tre stjerner tyder svært godt eigna til overnatting! Og kvar heller har ei skildring av korleis du kjem dit – slik at du faktisk kan finne helleren i naturen sjølv.



Boka er delt inn i tre bolkar. Den fyrste bolken er ei innleiing på 25 sider, eit ålmålt samandrag. Her får ein ei innføring i kva ein heller er, og kva for ulike typar av hellerar som finst og noko om namnevalet på hellerane. Ein heller vart gjerne bruka til overnatting viiss han høvde til det – både av gjetarar, fastbuande, omstreifarar, flyktningar under krigen, veidemann (jegerar), ferdafolk, stølsfolk, lovbrytarar m. fl. Stortjuvane Ola Høyland og Gjest Bårdsson var flittige brukarar av hellerane i naturen. Alt i Gabriel Scott si tid var det å vere i kontakt med naturen og seg sjølv og å avstå frå materielle gode ein alternativ levemåte, slik han skildra det i «Alkejegeren»: «Om sommeren går det an å flytte fra alt som folk heter og ta en hule eller heller i besiddelse og innrette seg som en har lyst – utan annet samkvem med mennesker enn hvad tilfellet bringer med seg.

En kan holde det gående dag etter dag, to, tre uker, og mere – en venner seg til, det er tingen, eller skulde vi heller snu det og tvert om si at en venner sig fra. Hus med komfyre og pipe på taket, vegg med vindu og skilderier, dragkiste med duker og håndklær, seng med puter og dyner og laken – en opdager smått om senn at det kan undværes alt sammen.

Det holder kanskje hardest med sengen, en er nå engang et bløtaktig vesen forvent og forkjælt fra fødselen av, innballer i flaneller og tørklær, opflasket med varm mjølk – så og si drevet frem under lokk inntil en er så øfintlig blitt at en knapt tåler frisk luft.»

Andre bolken tek føre seg nokre utvalde hellerar i heimeheiane, det vil seie i innmarka, bumarka og støls- og slåttemarka. Denne bolken, som er på 150 sider, har hatt som mål å nemne dei hellerane som er særskild gode, og dei det finst segner og soger om. Det er verkeleg fascinerande å lese om dei ulike historiene som er knyttet til hellerane. Nokre av dei er av nyare dato og sanne; me får mellom anna vite kva for heller som Knut Hamsun pla sitje under då han oppheldt seg i Landvik. Nokre av hellerane vart bruka til så ymse, til dømes Råmundhelleren ved Kylland i Herefoss sokn, ein av dei største hellerane i Aust-Agder: Råmund Håstøl budde med familien her medan han bygde huset sitt i nærleiken (på Håstøl), helleren har vore bruka til brurerov, til ly for hjuringar og kyr, til gjestebod, jonsokvaking og fråhaldsstemne! I Åsehedderen ved Skjævesland i Øyslebø, Marnardal, var det ifylgje segna arbeids-



Hollenderhytta på Store lyngholmen i Søgne.

FOTO SIDSEL JØRGENSEN

stove for ei kone som heitte Åse. Ho sat nemleg og vov under helleren, og når ho var ferdig, kasta ho vevnaden utfor fjellet ned til gardstunet.

Tredje bolken er på mest 160 sider og handlar om hellerane i drifteheiane og dyreheiane. Fyrstnemnde tyder dei heiante som ikkje dei hadde eigne dyr på, men leigde bort til beite for andre. Dyreheiane var kalla så av di dei heiante berre vart brukta til veiding (jakt). Denne siste bolken har kart som viser kor hellerane ligg.

Forfattar Torfinn Normann Hageland har hatt eit ufatteleg arbeid med boka; han har sjølv registrert, vitja og teke bilete av mest alle hellerane det er tale om i alle kommunane i Rogaland og Agder. Og han har prøvd «komforten» på 40 av dei, slik at han har opparbeidd seg ein utvitydig kompetanse når det gjeld overnattingkskvaliteten på hellerane. Men aller mest imponerande er likevel alt bakgrunnsstoffet han har samla - som fortel historia til helleren på ein så levande måte. Og særskilt mykje lokalhistorie både når det gjeld kultur og tradisjonar på levemåten i gamle dagar er å finne i dei ulike tekstsutsnitta som pryder sidene. Når dette er sett opp på ein så smakfull måte - og med mange vakre foto, dei fleste i fargar - så kan ein ikkje kalle det anna enn eit smykke av ei bok. Og dette boksmykket av puraste gull kan ein tinge hjå Vest-Agder fylkeskommune, Informasjonstenesta, Postboks 517, 4605 Kristiansand S. Mange gratulasjonar til Torfinn N. Hageland og fylkeskommunen; dette var suverent!

Tekst: Borghild Løver
Foto: Frå årboka

Tjovehedderen ved Neset Tjoveneset Byglandsfjord
Byglandsfjord stasjonsby i bakgrunnen.

FOTO T. HAGELAND



» - Klypp ut - »

Verv ein ny medlem

Årskontingent kr. 250,-

Ny medlem:

Namn:

Adresse:

Postnr.: Stad:

Den nye medlemen får tilsendt årsskriftet til Agder Historielag, medlemsbladet Egde og prisliste, i tillegg til informasjon om laget og innbetalingsblankett.

Den som verva ein ny medlem kan velje eitt av skrifta under som vervepremie (kryss av):

- Tingbok for Vestre Råbyggelag 1686
- Eit årsskrift etter eige val (nokre er utselde, sjå prisliste)
- Odelsmannatalet 1624 (kjeldeskrift)
- Kristiansand bytingsprotokoll nr. 1, 1670
- Mandal tingbok nr. 1-2, 1677 og 1684 (i ei bok)
- Stortingsmann Ole Fuglestvedt.
- Verv 3 nye medlemer og få eitt eks. av Agdersoga (Agders Historie)

Verva av:

Namn:

Adresse:

Postnr.: Stad:

**Agder Historielag**
Lokalhistorie siden 1914

SEND KUPONGEN TIL:
AGDER HISTORIELAG
POSTBOKS 136
4662 KRISTIANSAND